



Eigarskapskontroll | Stord kommune

Overordna eigarskapsforvaltning

April 2024

«Eigarskapskontroll av overordna
eigarskapsforvaltning»

April 2024

Rapporten er utarbeidd for Stord
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein eigarskapskontroll av den overordna eigarskapsforvaltninga i Stord kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Stord kommune den 20. april 2023 i sak PS 13/23.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke og vurdere om Stord kommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, om organiseringa er føremålstenleg og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert etter planen. Det er også undersøkt om kommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med lovkrav og relevante tilrådingar.

Som datagrunnlag har revisjonen nytta dokumentasjonsgjennomgang og intervju. Undersøkinga har blitt gjennomført frå august 2023 til februar 2024. Under gir vi eit samandrag av dei viktigaste funna og vurderingane frå eigarskapskontrollen.

Undersøkinga viser at Stord kommune i hovudsak har etablert ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Stord kommune har utarbeidd ei **eigarskapsmelding** som gjev ei oversikt over kommunen sine eigarinteresser, og kommunen sine prinsipp og rutinar for eigarstyring. Eigarskapsmeldinga gjer vidare greie for føremålet for alle selskap kommunen har eigarskap i, i tråd med lovkravet. Revisjonen meiner det er positivt at eigarskapsmeldinga har blitt vedteken årleg sidan 2013, noko som er oftare enn minimumskravet i kommunelova om at det skal vedtakast ei eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden.

Revisjonen vurderer samstundes at Stord kommune berre delvis har etablert ei tilstrekkeleg føremålstenleg **organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga**. Det ligg ikkje føre ei samla oversikt over roller i eigarskapsforvaltninga og det er heller ikkje etablert tydelege skildringar av roller og oppgåver som ligg til administrasjonen knytt til eigarskapsforvaltninga.

Undersøkinga viser at kommunen i eigarskapsmeldinga har utarbeidd ein generell **eigarskapsstrategi** for alle selskapa den har eigardel i, samt eigne eigarstrategiar for elleve av selskapa kommunen har direkte eigarskap i. Revisjonen meiner at kommunen kan vurdere å konkretisere nokre av dei særskilte eigarstrategiane meir, samt vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for.

Kommunen har etablert eit tilbod til folkevalde om **opplæring i eigarskapsforvaltning** i tråd med KS si tilråding om dette. Revisjonen merkar seg samtidig at det i undersøkinga blir vist til at det kan vere behov for meir opplæring enn det som er tilfelle i dag. Kommunen bør difor vurdere om det kan vere behov for å gjenta opplæringa seinare i valperioden, og at dei folkevalde då vil kunne få endå betre utbyte av ei slik opplæring. Når det gjeld opplæring av styremedlemmar viser undersøkinga at dei fleste styra ikkje har gjennomført eigen styreopplæring, og at det kan vere behov for å sikre at styremedlemmane får tilstrekkeleg opplæring.

Når det gjeld **samansetting av styrer** er det etablert retningslinjer for samansetting som tek omsyn til kompetanse, og det einskilde selskapet sine behov. Vidare viser undersøkinga at kjønnsbalansen i selskapsstyra som har blitt undersøkt er i tråd med lovkravet. KS tilrår at valkomiteen skriftleg grunngjev sine forslag til styrekandidatar (jf. tilråding nummer ti i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll), men dette er ikkje praksis i valkomiteen i Stord kommune. Revisjonen meiner at det vil vere føremålstenleg å etablere rutinar for at valkomiteen skriftleg grunngjev innstillinga av styremedlemmar, slik at innstillinga synleggjer kva kompetanse som er vektlagt, og kvifor.

KS tilrår at bruk av valkomité blir vedtektsfesta i dei enkelte selskapa. Dette går også fram av kommunen si eigarskapsmelding. Undersøkinga viser at kommunen ikkje har følgd opp si eiga retningslinje om å opprette felles valkomité i selskap kommunen eig saman med andre.

For å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold tilrår KS at styremedlemmar i morselskap som hovudregel ikkje sitter i styret i dotterselskap. Dette er også ei retningslinje i kommunen si eigarskapsmelding. Dette er ikkje fullt ut etterlevd ettersom styret i Stord kommunale egedomsselskap er det same som i morselskapet Stord kommune utviklingsselskap. Det går ikkje fram av eigarskapsmeldinga kvifor prinsippet ikkje er etterlevd.

Revisjonen vurderer at kommunen **gjennom eigarskapsmeldinga og eigarstrategiar stiller krav til selskapa** dei har eigardel i som er i samsvar med KS sine tilrådingar. Samstundes merkar revisjonen seg at desse krava i hovudsak er formidla gjennom eigarskapsmeldinga og ikkje direkte til selskapa sine eigarorgan eller selskapsstyra. Fleire av styreleiarane som er intervjuva var ikkje kjent med innhaldet i eigarskapsmeldinga eller krav og forventningar som er fastsett i denne. Det er også varierende om kommunen sine krav og forventningar faktisk er etterlevd av selskapa. Revisjonen meiner difor at

kommunen må følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i, til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon.

Stord kommune følger i hovudsak opp selskapa dei har eigardel i gjennom **deltaking i eigarorgan og eigarmøte**. Det er i hovudsak ordførar eller andre sentrale folkevalde som har delteke i møte i eigarorgan i samsvar med kommunen sine retningslinjer og KS sine tilrådingar. Det er også ordførar som i hovudsak har delteke i uformelle eigarmøte. Revisjonen merkar seg at det ikkje er praksis for å føre referat frå desse uformelle eigarmøta, og meiner at dette bør gjerast for å sikre samd oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.

Undersøkinga viser at kommunen etterspør **rapportering og informasjon frå selskapa** for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa. Alle selskapa er forventa å sende årsmelding og årsrekneskap til kommunen som eigar slik at desse kan handsamast i forkant av møte i eigarorgan. Undersøkinga viser at det ikkje er etablert tydelege rutinar for å sikre at desse dokumenta blir lagt fram for politisk organ i forkant av møte i eigarorgan, og at dette berre er gjort for nokre av selskapa.

Innhald

1	Innleiing	8
2	Om Stord kommune sine eigarskap	10
3	Organisering av eigarskapsforvaltninga	12
4	Eigarskapsmelding og strategi for eigarskap	15
5	Eigarstyring og oppfølging	21
6	Rapportering og informasjon	30
7	Konklusjon og tilrådingar	32
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	34
	Vedlegg 2 : Revisjonskriterier	35
	Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	41

Detaljert innhald

1	Innleiing	8
1.1	Bakgrunn	8
1.2	Føremål og problemstillingar	8
1.3	Avgrensing	8
1.4	Metode	8
1.4.1	Dokumentanalyse	8
1.4.2	Intervju	8
1.4.3	Verifiseringsprosessar	9
1.5	Kontrollkriterier	9
2	Om Stord kommune sine eigarskap	10
2.1	Innleiing	10
3	Organisering av eigarskapsforvaltninga	12
3.1	Problemstilling	12
3.2	Revisjonskriterier	12
3.3	Organisering av eigarskapsforvaltninga	12
3.3.1	Datagrunnlag	12
3.3.2	Vurdering	13
4	Eigarskapsmelding og strategi for eigarskap	15
4.1	Problemstilling	15
4.2	Revisjonskriterier	15
4.3	Eigarskapsmelding	15
4.3.1	Datagrunnlag	15
4.3.2	Vurdering	17
4.4	Eigarstrategiar	18
4.4.1	Datagrunnlag	18
4.4.2	Vurdering	20
5	Eigarstyring og oppfølging	21
5.1	Problemstilling	21
5.2	Revisjonskriterier	21
5.3	Opplæring av folkevalde og styremedlem	22
5.3.1	Datagrunnlag	22
5.3.2	Vurdering	22
5.4	Styresamansetting	23
5.4.1	Datagrunnlag	23
	Kjønnsbalanse	23
5.4.2	Vurdering	24
5.5	Krav og forventningar til eigarskapen	25
5.5.1	Datagrunnlag	25
5.5.2	Vurdering	26
5.6	Kommunen si oppfølging av selskap	26
5.6.1	Datagrunnlag	26

5.6.2	Vurdering	28
6	Rapportering og informasjon	30
6.1	Problemstilling	30
6.2	Revisjonskriterier	30
6.3	Rapportering og informasjon	30
6.3.1	Datagrunnlag	30
6.3.2	Vurdering	31
7	Konklusjon og tilrådingar	32
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	34
	Vedlegg 2 : Revisjonskriterier	35
	Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	41
Tabellar		
	Tabell 1: Stord kommune sitt eigarskap i aksjeselskap og IKS	10
	Tabell 2: Innhald i eigarskapsmeldinga	15
	Tabell 3: Stord kommune sine retningslinjer for eigarskap, leiging og kontroll av selskap.	16
	Tabell 4: Oversikt over utvalde eigarstrategiar og vedtektsfesta formål	19
	Tabell 5: Kjønnbalanse i styra der Stord kommune eig meir enn 50 prosent av aksjane.	24
	Tabell 6: Etterleving av utvalde krav og forventningar for selskapsstyre	26

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Stord kommune i sak PS 13/23 20.04.2023.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke og vurdere om Stord kommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, under dette om kommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med lovkrav og relevante tilrådingar, om organiseringa av arbeidet med eigarskapsforvaltning er hensiktsmessig og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert i samsvar med krav i regelverk, tilrådingar for god kommunal eigarstyring og kommunen sine egne prinsipp for eigarskapsforvaltning. Med bakgrunn i formålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. Har kommunen etablert ei føremålstenleg organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga?
2. Har kommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket?
3. I kva grad har kommunen utarbeidd ein tydeleg strategi for sine eigarskap?
4. I kva grad har kommunen etablert ei eigarstyring i samsvar med relevante lovkrav og tilrådingar for god eigarstyring i kommunal sektor? Under dette:
 - a. I kva grad har folkevalde og styremedlemmar fått tilstrekkeleg opplæring i kommunal eigarskapsforvaltning?
 - b. Er det etablert rutinar for å sikre god samansetning og kompetanse i selskapsstyra?
 - c. I kva grad stiller kommunen krav til selskapa om:
 - i. Utarbeiding av etiske retningslinjer
 - ii. Registrering av styreverv
 - iii. Fastsetting av godtgjersle for styremedlemmar
 - iv. Rutinar for habilitetsvurdering
 - v. Utarbeiding av styreinstruks
 - vi. Årleg plan for styret sitt arbeid
 - vii. Evaluering av styret sitt arbeid
5. I kva grad har kommunen følgd opp selskapa i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?
6. I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?

1.3 Avgrensing

Undersøkinga har fokusert på dei krav og anbefalingar som gjeld for kommunal eigarstyring, jf. kontrollkriteria (sjå avsnitt 1.5 og vedlegg 2).

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for eigarskapskontroll (RSK 002) og kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet august 2023 til mars 2024.

1.4.1 Dokumentanalyse

Informasjon om Stord kommune, dokumentasjon knytt til eigarskapsforvaltninga i kommunen og etterleving av interne rutinar, prinsipp m.m. blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot kontrollkriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju utvalde personar frå Stord kommune som er involvert i eller har ansvar for overordna eigarskapsforvaltning. Dette inkluderer økonomisjef, controller, tidlegare ordførar og sekretær i politisk sekretariat. Deloitte har vidare gjennomført semi-strukturerte intervju

med styreleiarar og daglege leiarar i aksjeselskap og interkommunale selskap der Stord kommune har ein eigardel på meir enn 20 prosent. Totalt har 18 personar blitt intervjua.

1.4.3 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjua for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til kommunedirektøren for verifisering. Kommunen sine innspel og tilbakemeldingar er innarbeidd i endeleg rapport. Høyringsutkast av rapporten er sendt til kommunedirektør og ordførar for uttale. Kommunedirektør sin høyringsuttale er å finne i vedlegg 1.

1.5 Kontrollkriterier

Kontrollkriteria er dei krav og forventningar som eigarskapskontrollobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for eigarskapskontroll. I dette prosjektet er kontrollkriteria henta frå kommuneloven, NUES sine tilrådingar om eigarstyring og selskapsleiing, aksjeloven og KS sine tilrådingar for god eigarstyring. Kriteria er kort presentert innleiingsvis under kvart tema, og nærare presentert i vedlegg 2 til rapporten.

2 Om Stord kommune sine eigarskap

2.1 Innleiing

Stord kommune har eigarskap i ei rekke aksjeselskap og interkommunale selskap. Kommunen er heileiger i to aksjeselskap, og medeigar i 21 ulike aksjeselskap og interkommunale selskap. Selskapa varierer i storleik og operer i fleire ulike bransjar. Eigarskapen består både av selskap som driv kommersielt og av selskap som leverer tenester til innbyggjarane i kommunen. Stord kommune sin eigardel i dei einskilde selskapa varierer frå 100 prosent til 0,0000055 prosent¹. Tabell 1 viser ei oversikt over eigarskapen til Stord kommune.

Tabell 1: Stord kommune sitt eigarskap i aksjeselskap og IKS²

Selskap	Selskapsform	Eigardel	Bransje	Særskild eigarstrategi
Podlen Verkstad	Aksjeselskap	100 %	Tilrettelagt arbeid	Ja
Stord Kommunale Utviklingsselskap	Aksjeselskap	100 %	Utvikling og sal av eigedom	Ja
Stord Kommunale Eigedomsselskap	Aksjeselskap	100 % indirekte eigarskap ³	Utvikling og sal av eigedom	Ja
Sunnhordland Lufthavn	Aksjeselskap	79 %	Flyplass	Ja
Sunnhordland interkommunale legevakt	Interkommunalt selskap	55,7 %	Legevakt	Ja
Stord folkehøgskule	Aksjeselskap	49,7 %	Folkehøgskoleundervisning	Nei
Opero Holding AS	Aksjeselskap	28,03 %	Arbeidstrening	Ja
Sunnhordland interkommunale miljøverk	Interkommunalt selskap	27,75 %	Behandling og disponering av avfall	Ja
Atheno	Aksjeselskap	3,91%	Næringsutvikling	Ja
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Interkommunalt selskap	12,5 %	Regionråd	Ja
Krisesenter Vest	Interkommunalt selskap	10,43 %	Krisesenter	Ja
Huglabutikken	Aksjeselskap	10,77 %	Lokalbutikk/dagligvarehandel	Nei
Hordfast	Aksjeselskap	5,4 %	Interesseselskap	Nei
Interkommunalt Arkiv i Hordaland	Interkommunalt selskap	4,61 %	Drift av arkiv	Ja
Kinoalliansen	Aksjeselskap	4 %	Samanslutning for kinoselskap	Nei
Vann vest	Aksjeselskap	3,7 %	Teknisk konsulentverksemd knytt til vann og avlaup	Ja
E 134 Haukelivegen	Aksjeselskap	2,86 %	Interesseselskap	Nei

¹ To av selskapa der Stord kommune har ein svært låg eigardel, Filmparken og Orkla, stammer frå ei testamentarisk gåve, og kan ifølgje kommunen si eigarskapsmelding ikkje seljast

² Kjelde: Stord kommune sin eigarskapsmelding og Bisnode. Data frå Bisnode er per november 2023.

³ Datterselskap av Stord Kommunale Utviklingsselskap.

Sunnhordland kraftlag	Aksjeselskap	2,138 %	Kraftproduksjon	Nei
IMS KJEDEN	Aksjeselskap	1,16 %	Innkjøpskjede	Nei
KLP	Gjensidig forsikringselskap	0,24 %	Livsforsikring	Ja
L/L Det Norske Teateret	Aksjeselskap	0,16 %	Teater	Nei
Dag og Tid	Aksjeselskap	0,009 %	Avis	Nei
Orkla ASA	Allmennaksjeselskap	0,000025 %	Matproduksjon	Nei
Filmparken	Aksjeselskap	0,0000055 %	Utleige av eigen eller leigd fast eigedom	Nei

Gjennom sine direkte eigarskap har kommunen også ein del indirekte eigarskap. Eit døme på dette er Stord kommunale eigedomsselskap AS, som er eit heileigd dotterselskap av Stord kommunale utviklingselskap, der Stord kommune er heileiger. I enkelte selskap har kommunen både direkte og indirekte eigarskap, til dømes i Stord Folkehøgskule AS, der kommunen både har eit direkte eigarskap på 49,7 prosent, og eit indirekte eigarskap gjennom sitt eigarskap i Atheno, som igjen er medeigar i selskapet gjennom eit dotterselskap.

3 Organisering av eigarskapsforvaltninga

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande problemstilling:

Har kommunen etablert ei føremålstenleg organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga?

3.2 Revisjonskriterier

Krav til kommunen når det gjeld organisering knytt til eigarskapsforvaltninga blir utleia frå kommuneloven § 25-1 om internkontroll i kommunen, og KS sine tilrådingar om eigarstyring.

Kommunen *skal*:

- Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering, ha nødvendige rutinar og prosedyrar, avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik og evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll (kommuneloven § 25-1).

Kommunen *bør*:

- Vurdere om vilkåra er til stades for å bygge opp ein organisert, kompetent støttefunksjon i kommuneadministrasjonen knytt til eigarskapsforvaltninga. Det kan vere føremålstenleg med ei eiga eining som kan handtere ei førebuaende oppgåve for kommunestyret i form av eit «eigarskapssekretariat» eller liknande (KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll).
- Som hovudregel nemne opp sentrale folkevalde som representantar i eigarorgan (KS anbefaling sju)

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

3.3 Organisering av eigarskapsforvaltninga

3.3.1 Datagrunnlag

Stord kommune har utarbeidd ei eigarskapsmelding⁴, der del I mellom anna omtalar reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyring.

Skildring av rollar og ansvar for eigarskapsforvaltninga går vidare fram av kommunen sine politiske reglement og delegasjonsreglement⁵⁶

I delegasjonsreglementet går det fram at eigarskapspolitikken i Stord kommune er lagt til formannskapet. Vidare at:

Ordførar har mynde til å representera Stord kommune i representantskapet (IKS), og generalforsamlingar (AS og ASA) der Stord kommune har eigarinteresser. Ordførar har også mynde til å peika ut ein kommunestyrerepresentant i sin stad.⁷

At ordførar møter som eigarrepresentant er også omtalt i eigarskapsmeldinga. Det går fram av intervju at det som hovudregel er **varaordførar** som møter som eigarrepresentant dersom ordførar ikkje har anledning til å stille. Vi kommer nærmare inn på dette i kap. 5.6.1. Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at ordførar har eit særleg ansvar for at det blir lagt til rette for gode samhandlingsprosedyrar mellom kommunen og selskap, og for at det skjer naudsynnte avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen. Det blir vist til at dette kan skje

⁴ Stord kommune. Eigarskapsmelding. Vedtatt i kommunestyret 22.06.2023.

⁵ Stord kommune. Politiske reglement og retningslinjer. Vedtatt i kommunestyret 30.11.2023

⁶ Stord kommune. Delegering av avgjerdsmynde. Frå kommunestyret til andre folkevalde organ og til rådmannen. Vedtatt i kommunestyret 17.02.2022.

⁷ Stord kommune. Delegering av avgjerdsmynde. Frå kommunestyret til andre folkevalde organ og til rådmannen. Vedtatt i kommunestyret 17.02.2022. Side 12.

i eigarmøte som finn stad mellom dei formelle møta i eigarorganet (representantskapsmøte og generalforsamling). Det går også fram at relevante politiske organ (**kommunestyret, formannskap eller relevant utval**) skal ha rekneskap, årsmelding mv. lagt fram for politisk handsaming i forkant av formelle møte i eigarorgan, og at organa kan gi styringssignal til kommunen sin eigarrepresentant før møta, og eventuelt også instruere eigarrepresentant.

Under punkt 10 i eigarskapsmeldinga blir det vist til at det er etablert ein **valkomité** som er ansvarleg for å innstille kandidatar til styreverv i selskap der Stord kommune er medeigar. Det går fram av reglement for valkomiteen at komiteen er politisk samansett, og består av 11 medlemmar. Partia som innehar verva ordførar og varaordførar, har to medlemmar kvar i valkomiteen, medan andre parti i kommunestyret har eitt medlem kvar.

Vidare går det fram av eigarskapsmeldinga at **kontrollutvalet** skal føre tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

Kommunen opplyser at det ikkje er etablert ein skriftleg oversikt over administrative rollar og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltning, og det blir i intervju peikt på at dette ansvaret per vinteren 2023 heller ikkje er tydeleg fordelt. I intervju blir det vist til at det er *kommunedirektør, økonomisjef, controller, og politisk sekretariat* som er ansvarleg for administrativ oppfølging og bistand knytt til eigarskapsforvaltninga.

Det blir vidare vist til i intervju at **kommunedirektør** er øvste ansvarlege for administrativ oppfølging av eigarskapsforvaltninga, og at kommunedirektør saman med ordførar er involvert i oppfølginga av selskapa gjennom løpande dialog og eigarmøte. Det går vidare fram at **controller** har ansvar for å utarbeide kommunen si eigarskapsmelding. I samband med utarbeiding av eigarskapsmeldinga utarbeider controller mellom anna forslag til føremål for eigarskap, og eigarskapsstrategiar der dette er relevant. **Økonomisjef** opplyser i intervju at ho har ansvar for at kommunen sine eigardelar er riktig bokført, og for å, på førespurnad frå kommunedirektøren, gjere økonomiske vurderingar i eigarskapsrelaterte spørsmål.

Det blir opplyst i intervju at **politisk sekretariat** er sekretariat for kommunen sin valkomité, og at dette inneberer å skrive protokoll frå møter i valkomiteen, og å utarbeide saker knytt til val av personar til styre, råd og utval.

Det blir også peikt på at **relevante fagpersonar i kommunen** blir involvert ved behov, til dømes har kommuneoverlegen blitt involvert ved gjennomføring av eigarmøte i Stord interkommunale legevakt. Det er kommunedirektør som har ansvar for å involvere relevante fagpersonar i eigarskapsforvaltninga når det er behov for det.

Det går fram av intervju at det i hovudsak er ordførar, med bistand frå kommunedirektør som er ansvarleg for å følgje opp og utøve eigarskapsforvaltninga i kommunen, medan administrasjonen yter bistand ved behov. Utover kommunedirektør er det ingen i administrasjonen som har eit koordinerande ansvar for eigarskapsforvaltninga, eller for å følgje det løpande arbeidet med eigarskapsforvaltninga.

I intervju går det fram at det ikkje er tydeleg kven som er ansvarleg for å følgje opp ulike delar av eigarskapsforvaltninga i kommuneadministrasjonen. Mellom anna viser nokon til at politisk sekretariat/fellestenester har ansvar for å følgje opp innkallingsfristar til generalforsamling, medan politisk sekretariat og fellestenester på si side opplyser om at dei ikkje er involvert i dette. Det blir samtidig peikt på at politisk sekretariat har hatt ei utskifting av tilsette dei siste to åra, og at enkelte arbeidsoppgåver kan ha gått tapt i prosessen med å overføre arbeidsoppgåver til nye tilsette.

Det blir i intervju både med selskapa og tilsette i kommunen vist til at utskiftingar av tilsette i kommunen kan ha medverka til at rollar knytt til eigarskapsforvaltning ikkje er tydeleg definert og praktisert. I intervju med dagleg leiar i eit selskap kommunen har eigardel i, blir det vist til at utskiftingar i kommuneadministrasjonen mellom anna har medført usikkerheit knytt til om administrasjonen er tilstrekkeleg orientert om drifta og utviklinga i selskapet. Ein av styreleiarane fortel at det også kan vere problematisk at ordførar, som er den som primært held i eigarskapsoppfølginga, kan skiftast ut kvart fjerde år. Denne styreleiareren fortel at han tidlegare har opplevd blanda signal frå kommunen som eigar på grunn av politiske utskiftingar.

Tidlegare ordførar viser samtidig til at han har opplevd god støtte frå administrasjonen. Han peiker på at kommunedirektøren er ansvarleg for å involvere dei delane av administrasjonen som det er behov for bistand frå.

3.3.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Stord kommune berre delvis har etablert ei tilstrekkeleg føremålstenleg organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga. Eigarskapsmeldinga skildrar overordna politiske rollar og ansvar i eigarskapsforvaltninga, og ulike roller blir også nemnt i andre dokument slik som delegasjonsreglement og politiske reglement og retningslinjer. Det ligg ikkje føre ei samla oversikt over roller i eigarskapsforvaltninga og det

er heller ikkje etablert tydelege skildringar av roller og oppgåver som ligg til administrasjonen knytt til eigarskapsforvaltninga. I intervju blir det peikt på at roller og oppgåver heller ikkje i praksis er tilstrekkeleg tydeleg fordelt. Revisjonen vil påpeike at kommunen i samsvar med kommunelova § 25-1 skal utarbeide skildring av verksemda sine hovudoppgåver og organisering. I samsvar med tilrådinga frå KS meiner revisjonen at kommunen bør etablere kva rollar/eining i kommuneadministrasjonen som skal ha ansvar for å følgje opp eigarskapen til kommunen, for slik å sikre at kommunestyret som øvste eigarorgan blir kjent med og følgjer opp relevante saker knytt til kommunen sine eigarskap. Revisjonen vil også påpeike at manglande administrativ involvering i eigarskapsforvaltninga kan gi risiko for manglande kontinuitet i dette arbeidet over tid, og at administrativ involvering i eigarskapsforvaltninga kan bidra til å sikre tilstrekkeleg oppfølging av eigarskapa.

Revisjonen merkar seg at det er ordførar som i hovudsak deltek på eigarmøte og møter som kommunen sin eigarrepresentant i eigarorgan. Dette går fram av kommunen sine ulike retningslinjer og er i samsvar med KS si tilråding om at det bør vere sentrale folkevalde som deltek som eigarrepresentantar i eigarorganet.

4 Eigarskapsmelding og strategi for eigarskap

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande problemstilling:

Har kommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket?

Vi vil også svare på problemstillinga:

I kva grad har kommunen utarbeidd ein tydeleg strategi for sine eigarskap?

4.2 Revisjonskriterier

Krav til kommunen når det gjeld eigarskapsmelding og eigarstrategiar blir utleia frå kommuneloven § 26-1, og KS sine tilrådingar om eigarskapsforvaltning.

Kommunen skal:

- Minst ein gong i valperioden utarbeide eigarskapsmelding der det mellom anna skal gå fram oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i (kommuneloven § 26-1).

Kommunen bør:

- Utarbeide eigarstrategiar med mål og krav til selskapa, spesielt for dei strategisk viktige selskapa eller selskap der vedtektene/selskapsavtalen berre omtalar minimumskrava i den aktuelle selskapslova (KS, tilråding fem).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

4.3 Eigarskapsmelding

4.3.1 Datagrunnlag

Stord kommune har ei eigarskapsmelding som har blitt oppdatert årleg sidan 2013. Siste versjon av eigarskapsmeldinga blei vedteken i kommunestyret 22. juni 2023. I siste versjon av eigarskapsmeldinga går det fram at det er tilrådd at eigarskapsmeldinga også framover skal handsamast årleg i kommunestyret. Eigarskapsmeldinga inneheld prinsipp og retningslinjer for eigarskapsforvaltning i kommunen, ei oversikt over selskap kommunen har eigardel i, selskapa sine føremål, og eigarstrategiar for utvalde selskap. Tabell 2 skildrar oppbygginga av eigarskapsmeldinga, og innhaldet i den.

Tabell 2: Innhald i eigarskapsmeldinga

Del	Innhald
Del ein:	Del ein av eigarskapsmeldinga inneheld ein gjennomgang av KS sine prinsipp for god eigarstyring og Stord kommune sine retningslinjer og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyring. Vidare inneheld del ein av meldinga kommunen sine forventningar og krav til selskapa. Den inneheld også ein gjennomgang av ulike selskaps- og organisasjonsformer, og kva prinsipp og lovkrav som gjeld for dei ulike selskapsformene.
Del to:	Del to inneheld ein oversikt over selskap, kommunale føretak, og andre verksemder kommunen har eigarinteresser i, samt føremål for selskapa. Del to av eigarskapsmeldinga inneheld også eigarstrategiar for eit utval av kommunen sine eigarskap.

Det går frem av eigarskapsmeldinga at formålet med meldinga er todelt. For det første er formålet å drøfte kommunen sine motiv og mål for eigarskap, og for det andre å fastsette prinsipp og reglar for kommunen si eigarstyring- og forvaltning, forventningar til selskapa, samt prinsipp og reglar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa. Det blir vidare oppgitt at målet for eigarskapsmeldinga er å utvikla kommunen som ein betre eigar, for på denne måten å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa blir forvalta i tråd med vedtekne mål, forventningar og føresetnader.

I intervju blir det peikt på at eigarskapsmeldinga legg føringar og ramma for korleis eigarskapsforvaltninga i Stord kommune skal praktiserast.

Eigarskapsmeldinga fastsett relativt detaljerte retningslinjer og prinsipp for eigarskapsforvaltninga i Stord kommune. Retningslinjene og prinsippa bygger på KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll. Tabell 3 gjer ein oppsummering og oversikt over retningslinjene som inngår i eigarskapsmeldinga.

Tabell 3: Stord kommune sine retningslinjer for eigarskap, leiing og kontroll av selskap.

Retningslinje	Forklaring
Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde	Det skal organiserast ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarskap og eigarskapsforvaltning.
Vurderingar og val av selskapsform	Selskapsform skal vere tilpassa kommunen og selskapet sitt behov, og kva tilhøve som skal vurderast før det vert teke stilling til oppretting av selskap., under dette m.a. behov for politisk styring og risikovurdering. Vedtektene i selskapa bør gi kontrollutval og revisor innsynsrett.
Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	Det skal vere eit organisatorisk skilje mellom monopolverksemd og konkurranseutsett verksemd, for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.
Utarbeiding av eigarskapsmelding	Det skal utarbeidast ei eigarskapsmelding etter KS sine råd, og eigarskapsmeldinga skal evaluerast årleg av kommunestyret.
Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter	Eigarstrategiane skal tydeleggjere målet for selskapa, og desse måla skal gå fram av selskapsavtalar/vedtekter. Føremål med kommunen sitt eigarskap i selskapa skal vurderast med jamne mellomrom.
Eigarmøte	Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte, for på denne måten å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.
Eigarorganet sin samansetjing og funksjon	Politisk leiing skal som hovudregel bli oppnemnd som eigarrepresentant, og det er ordførar som til vanleg representerer kommunen. Det går også fram at einskilde selskap i periodar vert følgd opp tettare enn andre, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål. Rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande skal som hovudregel leggjast fram for politisk handsaming i forkant av eigarmøte i det einskilde selskap, og det politiske organet som har desse sakene til handsaming skal gje styringssignal til kommunen sin eigarrepresentant. Ordførar har ansvar for gode samhandlingsprosedyrar med selskapa, og at det er kommunen si valnemnd som gjer framlegg om kandidatar til styreverv.
Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte	Reglar om innkallingsfrist bør takast inn i vedtektene, slik at det blir teke omsyn til kommunen sitt behov for å ha tid til å handsama aktuelle saker.
Samansetjing av styret	Styret sin kompetanse skal vere tilpassa det enkelte selskap si verksemd, og styret bør ha både generell og fagspesifikk kompetanse.
Valkomité og styreutnemning	Valkomiteen i Stord kommune skal som hovudregel innstille på Stord kommune sine styremedlemmar. For selskap der det er fleire eigarar bør det opprettast ein eigen valkomité som speglar eigardelen i selskapet.
Lik kjønnsrepresentasjon i styra	Stord kommune vil, uavhengig av selskapsform, arbeide for lik kjønnsrepresentasjon i styra.
Prosedyrar for å sikre rett kompetanse i selskapsstyra	Fastsett prosedyrar som styret skal etablere, under dette at styret: <ul style="list-style-type: none"> Fastset styreinstruks og instruks for dagleg leiing med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling,

	<ul style="list-style-type: none"> • Årleg gjer ei eigenevaluering • Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. • Gjev nye styremedlemmer opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling • Gjennomfører eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver • Fastset ein årleg plan, under dette møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring • Gjer greie for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport
Styresamansetjing i konsernmodell	Styret i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap, for å unngå rolleblanding.
Oppnemning av vararepresentantar	Stord kommune vil gå inn for ei ordning med numerisk vald vara til styra i dei ulike selskapa.
Gildskapsvurderingar og politisk representasjon i styra	Fastsett at styra skal etablere faste prosedyrar for å handtera mogelege gildskapskonfliktar. Ordførar og andre leiande politikarar, samt kommunedirektør, ikkje bør sitja i styra i selskap.
Godtgjersle av styreverv	Godtgjersle av styreverv skal mellom anna reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Vidare at styreleiar generelt skal godtgjerast særskilt i høve styremedlemmane.
Registrering av styreverv	Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrera verva i KS sitt styrevervregister.
Arbeidsgjevartilhøyrse i sjølvstendige rettssubjekt	Fastsett at selskap som er skild ut som sjølvstendig rettssubjekt, men som tidlegare har vore del av kommunen, skal ikkje vere knytt til kommunen sine løns- og avtaleforhold.
Utarbeiding av etiske retningslinjer	Styret er ansvarleg for at selskapet utarbeider retningslinjer for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift, samt at desse blir jamleg revidert.
Særleg om rådmannen si rolle i kommunale føretak	Retningslinja gjeld forholdet mellom kommunale føretak og kommunedirektør.
Utøving av tilsyn og kontroll	Fastsett retningslinjer for eigarskapskontroll, og innsynsrett for revisor og kontrollutvalet.

4.3.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Stord kommune har utarbeidd ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i kommuneloven. Eigarskapsmeldinga gjev ei oversikt over kommunen sine eigarinteresser, og kommunen sine prinsipp og rutinar for eigarstyring. Eigarskapsmeldinga gjer vidare greie for føremålet for alle selskap kommunen har eigarskap i, i tråd med lovkravet. Revisjonen meiner det er positivt at eigarskapsmeldinga har blitt lagt fram for kommunestyret og vedteken årleg sidan 2013. Dette er i samsvar med KS si tilråding, og er oftare enn minimumskravet i kommunelova om at det skal vedtakast ei eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden.

4.4 Eigarstrategiar

4.4.1 Datagrunnlag

I eigarskapsmeldinga går det fram at Stord kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap, at kommunen sine eigarstrategiar skal tydeleggjere målet med selskapa, og at desse måla også skal gå fram av selskapsavtalane/vedtektene.

Det blir opplyst i intervju at det i 2010 blei utarbeidd ein handlingsplan for å følgje opp tilrådingane frå ein eigarskapskontroll utført same år, og at eit av tiltaka i handlingsplanen var å utarbeide eigarstrategiar for selskap der kommunen anten åleine eller saman med andre offentlege eigarar hadde 100 prosent eigarskap.⁸ Det blir vidare opplyst i samband med verifisering av rapporten at det under den årlege handsaminga av eigarskapsmelding har kome ynskjer frå kommunestyret om å ha eigarstrategi for eit utval spesifikke selskap. På bakgrunn av dette ønsket frå kommunestyret er det derfor utarbeidd eigarstrategiar for Atheno, Opero og Podlen Verkstad.

I eigarskapsmeldinga går det vidare fram ein felles, generell eigarskapsstrategi som er gjeldande for alle selskapa Stord kommune har eigarskap i. Den felles eigarstrategien legg vekt på at selskapa skal drive langsiktig, at kommunen forventar at selskapa skal ta samfunnsansvar, og at openheit skal leggest til grunn for drifta. Den felles eigarstrategien⁹ er attgjeve nedanfor.

Langsiktige mål

Selskapa forvaltar offentlege ressursar og er fristilt den kommunale forvaltninga. Dei økonomiske og tenestemessige vala selskapa tar på vegne av sine eigarar skal ha langsiktige mål som bærebjelke. Dette inneber at den langsiktige måloppnåinga skal prioriterast framfor kortsiktig avkastning og ressursforvaltning.

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar skal sikrast gjennom god arbeidsgjevarpolitikk, god selskapsskikk, prioritering av miljøvennlege og bærekraftige organisasjons- og tenesteløysningar. Eigarane bør også ha eit medvite bruk av selskapa sin kompetanse i forhold til samfunnsutviklingsarbeid generelt. Selskapa bør realisere kommunen sitt mål om nullutsleppskommune. Dette krev at selskapa leverer klimaregnskap til eigarane.

Openheit

Openheit som ein verdi relaterer seg til eigarane og selskapet si line i forhold til innbyggjarar, media, tilsette og omverda forøvrig og praktiseringa av den nye offentlegheitslova.

Av dei totalt 22 selskapa kommunen har direkte eigarskap i er det utarbeidd egne eigarstrategiar for elleve av selskapa. I tillegg er det utarbeidd eigarstrategi for eit dotterselskap av Stord Kommunale Utviklingsselskap. Det er også utarbeidd eigarstrategi for KLP, som er organisert som eit gjensidig forsikringsselskap (GFS), og der kommunen formelt er medlem, og ikkje eigar. Tabell 4 gjer greie for vedtektsfesta formål og eigarstrategi for seks av dei elleve selskapa det er utarbeidd eigarstrategi for.

⁸ Selskap som fall innanfor § 80 i dåverande kommunelov.

⁹ Stord kommune. Eigarskapsmelding for Stord kommune. Sist vedtatt i kommunestyret 22.06.2023. Side 18.

Tabell 4: Oversikt over utvalde eigarstrategiar og vedtektsfesta formål

Selskap	Vedtektsfesta formål ¹⁰	Særskild eigarstrategi
Stord kommunale utviklingselskap	Utvikle, eige, kjøpe og selje eigedomar ved aksjekjøp og aksjesal eller på annan måte. Selskapet skal vere morselskap til dotterselskap som Stord kommune eigar alle aksjane i eller dotterselskap som Stord kommune er aksjonær i saman med andre aksjeeigarar.	Føremålet med eigarskapet er å sikra eit profesjonelt, aktivt og marknadsorientert reiskap for eigedomsutvikling i Stord kommune.
Sunnhordland lufthavn	Å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthamn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.	Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Lufthavn AS, er å gje publikum sikre, miljøvennlege og gode reisetilbod. Reisetilboda skal særleg ta sikte på å tilpasse seg næringslivet sine behov for reisetilbod. Dette bør skje både gjennom vidareutvikling av eksisterande tenester og utvikling av nye tenester som støttar opp under lufthavn- og flysikringsverksemda. Selskapet skal utføre sine oppgåver på en god og kostnadseffektiv måte og ikkje vera avhengig av ytterlegare økonomisk bistand frå eigarane sine. Vidare skal selskapet gje eigarane god verdiutvikling over tid.
Podlen Verkstad	Arrangera offentleg styrte arbeidsmarknadstiltak, og elles tilby arbeid og opplæring til personar som ikkje er i ordinært arbeid. Selskapet sitt overskott skal vera i verksemda, og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover.	Føremålet med eigarskap i Podlen Verkstad AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør. Stord kommune kan nytta seg av tenester og produkt som Podlen Verkstad AS tilbyr, så langt som desse har kvalitet og pris i samsvar med det kommunen er tent med. Kommunen sitt vedtak om reserverte kontraktar kan gje grunnlag for eit tettare samarbeid innan dei felte Podlen Verkstad driv, som t.d. vaskeritenester, golvmatter, papirmakulering og snikkarvarer. Eigarskapen i Podlen verkstad AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert.
Opero	Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har. Skal søka å styrka sine og dotterselskapa sin posisjon innanfor dei tenesteytande felt der det er naturleg med tanke på kompetanse og kapasitet, og som vil utvikla verksemda sin generelle styrke og føremål. Skal yte drifts- og servicefunksjonar i høve til dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS. Har ikkje økonomiske føremål, og det skal ikkje delast ut utbytte. Eventuelt overskot skal vera i verksemda og komma føremålet til gode.	Føremålet med eigarskap i Opero AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør. Eigarskapen i Opero AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert.

¹⁰ Kjelde: Brønnøysundregistrene

Sunnhordland interkommunale miljøverk	Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall. Selskapet skal der dette er anturleg ¹¹ , søkja å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning. Bidra til miljøtiltak i eigarkommunane. Selskapet har ikkje erverv til føremål.	Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Interkommunale miljøverk IKS, er å sikre publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvennlege og effektiv måte.
Vann vest	Samarbeidsorganisasjon for eierne. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsvirksomhet. Selskapet skal utføre og formidle tjenester, knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.	Føremålet med eigarskapet er å sikra gode relasjonar og tenester innanfor fagområdet vatn og avlaup, herunder sikra kompetent personell til å ivareta funksjonen vasssteknisk ansvarleg for damanlegg.

4.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at kommunen i eigarskapsmeldinga har utarbeidd ein generell eigarskapsstrategi for alle selskapa kommunen har eigardel i, samt eigne eigarstrategiar for elleve av selskapa kommunen har direkte eigarskap i. I eigarstrategiane for dei elleve selskapa blir det fastsett mål for kommunen sine eigarskap for det enkelte selskapet, og den generelle eigarstrategien fastsett overordna føringar for alle selskapa, uavhengig av eigardel. Revisjonen meiner at kommunen kan vurdere å konkretisere nokre av dei særskilte eigarstrategiane meir, slik at det kjem tydeleg fram kva forventingar kommunen har for det enkelte selskapet, til dømes gjennom å innarbeide konkrete selskapsesifikke krav om måloppnåing og rapportering, roller og ansvar, gjennomføring av eigarmøte m.m.

I undersøkinga blir det vist til at det er etablert eigarstrategi for eit utval enkeltsselskap basert på grad av offentleg eigarskap og spesifikke ynskje frå kommunestyret. Revisjonen meiner det kan vurderast å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for.

¹¹ Sic

5 Eigarstyring og oppfølging

5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad har kommunen etablert ei eigarstyring i samsvar med relevante lovkrav og tilrådingar for god eigarstyring i kommunal sektor? Under dette:

- a. I kva grad har folkevalde og styremedlemmar fått tilstrekkeleg opplæring i kommunal eigarskapsforvaltning?
- b. Er det etablert rutinar for å sikre god samansetning og kompetanse i selskapsstyra?
- c. I kva grad stiller kommunen krav til selskapa om:
 - i. Utarbeiding av etiske retningslinjer
 - ii. Registrering av styreverv
 - iii. Fastsetting av godtgjersle for styremedlemmar
 - iv. Rutinar for habilitetsvurdering
 - v. Utarbeiding av styreinstruks
 - vi. Årleg plan for styret sitt arbeid
 - vii. Evaluering av styret sitt arbeid

Vi vil også svare på problemstillinga:

I kva grad har kommunen følgd opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?

5.2 Revisjonskriterier

Krav til kommunen når det gjeld eigarstyring og oppfølging blir utleia frå aksjelova, IKS-loven, kommunelova, KS sine tilrådingar om eigarskapsforvaltning og NUES sine tilrådingar om eigarstyring og selskapsleiing.

Kommunen *skal*:

- Sørge for at styra til interkommunale selskapa og aksjeselskapa med meir enn 2/3 offentleg eigarskap er samansett i samsvar med aksjeloven § 20-6 (IKS-loven § 10 og kommuneloven § 21-1).

Kommunen *bør*:

- Sørge for at alle folkevalde får tilstrekkeleg opplæring i eigarskapsforvaltning tidleg i valperioden (KS, tilråding 3).
- Sørge for at vedtektene til aksjeselskapa inneheld føresegn om innkallingsfrist til generalforsamling som sikrar kommunen får tilstrekkeleg tid til å handsame viktige saker i forkant av møte (KS, tilråding åtte).
- Arbeide for at selskapa vedtektsfestar bruk av valkomité (NUES kapittel sju, KS tilråding ti). Generalforsamlinga bør fastsette retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, velje kven som skal sitte i valkomiteen og fastsette godtgjering. Valkomiteen bør vere samansett på ein måte som sikrar at aksjonærfellesskapet sine interesser blir ivareteke og fleirtalet i komiteen bør vere uavhengige frå selskapet si leiing. Valkomiteen bør ha kontakt med aksjeeigarane, styret og dagleg leiar for å føreslå kandidatar til styret. Valkomiteen bør grunngi sine forslag.
- Sørge for at selskapa sine styre blir samansett på ein måte som ivareteke aksjonærfellesskapet sine interesser, samt selskapet sine behov for kompetanse, kapasitet og mangfald (NUES, kapittel åtte). Vidare bør det bli gjort vurderingar kring habiliteten til dei som blir valt inn styra, for å sikre at vedkommande ikkje vil måtte fråtre i mange saker grunna dobbelroller, særleg med omsyn til sentrale folkevalde og tilsette i kommunale leiarstillingar (KS, tilråding ni).
- Unngå at dei same personane sitt i styra til både mor- og dotterselskap (KS, tilråding 13).

- Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften (KS, tilråding 19)

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

5.3 Opplæring av folkevalde og styremedlem

5.3.1 Datagrunnlag

Eigarskapsmeldinga til Stord kommune fastsett som eit prinsipp at opplæring i eigarskapsforvaltning skal inngå som ein del av den generelle folkevaldopplæringa. I intervju blir det opplyst at opplæring i eigarskapsforvaltning for folkevalde inngår som ein bolc i den obligatoriske folkevaldopplæringa i kommunen. Denne folkevaldopplæringa er organisert av KS, og blir gjennomført ved starten av kvar valperiode. Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at den årlege handsaminga av eigarskapsmeldinga også er ein del av kommunen sitt arbeid med å informere om eigarskapsforvaltninga til dei folkevalde. Meldinga inneheld som tidlegare omtalt i kap. 4.3.1 prinsipp for mellom anna politisk oppfølging av selskapa Stord kommune har eigarskap i og ei oversikt over kommunen sine eigarposisjonar og føremål for eigarskap i dei ulike selskapa. Dei folkevalde får årleg lagt fram eigarskapsmeldinga til handsaming. Det går fram av intervju at det ikkje er gitt spesifikk opplæring til dei folkevalde om eigarskap og eigarskapsforvaltning utover denne generelle folkevaldopplæringa og framlegging av årleg eigarskapsmelding. Tidlegare ordførar peiker i intervju på at det vil variera frå representant til representant om opplæringa som blir tilbydd er tilstrekkeleg, men at erfaring likevel tilseier at det ofte kan vera behov for meir opplæring enn det som blir tilbydd i dag.

Når det gjeld opplæring av styremedlemmar går det fram av eigarskapsmeldinga at kommunen har ei forventning om at styra i dei ulike selskapa sjølv vurderer behovet for styreopplæring, og at det bør bli gjennomført opplæring for nye styremedlemmer om ansvar, oppgåver og rollefordeling. Det blir i intervju vist til at det i 2019 blei tilbydd ei ekstra opplæring til styrerepresentantar utnemnt av Stord kommune. Det blir opplyst i samband med verifisering at kurset blei organisert av kommunen medan KS-Konsulent sto for det faglege innhaldet. Agenda for kurset var kommunal selskapsorganisering, rolleforståing, styret sine oppgåver og god arbeidsform, og kontroll med kommunalt eigde selskap.

I intervju med styreleiarar går det fram at eit fleirtal av selskapa/styra ikkje har gjennomført eller tilbydd eigen opplæring til styremedlemmane. Fleire av styreleiarane viser til at styremedlemmane er erfarne, og at det såleis ikkje har vore behov for ytterlegere eller særskild opplæring i styrearbeid. Ein styreleiar peiker på si side på at det kunne ha vore behov for opplæring. Styreleiarane fortel at dei ikkje kjenner til at kommunen aktivt har oppmoda om at det skal bli gjennomført opplæring av styremedlemmar. Styreleiarane som opplyser om at det er gjennomført opplæring for styremedlemmane, viser til at dei har gjennomført dette i eigen regi.

Tidlegare ordførar peiker i intervju på at styremedlem som er utpeikt av kommunen også kan få uformell rettleiing av kommunen. Både ordførar og kommunedirektør kan gi rettleiing til styrerepresentantar om dei har behov.

5.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det i starten av kvar valperiode blir gjennomført folkevaldopplæring og at eigarskapsforvaltning er ein del av denne opplæringa. Revisjonen vurderer difor at kommunen har etablert eit tilbod til folkevalde om opplæring i eigarskapsforvaltning i tråd med KS si tilråding om dette. Revisjonen merkar seg samtidig at det i undersøkinga blir vist til at det kan vere behov for meir opplæring enn det som er tilfelle i dag. Revisjonen meiner difor at kommunen bør vurdere om det kan vere behov for å gjennomføre ny opplæring seinare i valperioden, og at dei folkevalde då vil kunne få endå betre utbyte av ei slik opplæring. Revisjonen merkar seg at årleg framlegging av eigarskapsmeldinga også gir dei folkevalde viktig informasjon om eigarskapsforvaltninga.

Når det gjeld opplæring av styremedlemmar har kommunen gjennom eigarskapsmeldinga etablert ei forventning om at styra sjølv vurderer behovet for opplæring av styremedlemmar. I intervju med styreleiarar går det fram at dei fleste styra ikkje har gjennomført eigen styreopplæring, men at det er gjort vurderingar av behovet for dette. Kommunen har i liten grad følgt opp at styremedlemmar som er innstilt frå kommunen har fått nødvendig opplæring og bør difor vurdere å legge til rette for slik opplæring.

5.4 Styresamansetting

5.4.1 Datagrunnlag

Det går fram av eigarskapsmeldinga og kommunen sitt politiske reglement at utnemning av styremedlem skal skje på bakgrunn av det enkelte selskapet sin eigenart, og kompetansebehovet i styret. Styret bør ifølgje eigarskapsmeldinga ha både generell og fagspesifikk kompetanse. I eigarskapsmeldinga går det vidare fram at kommunen sin valkomité særleg skal vurdere mogelege rollekonfliktar og forvaltningsloven sine reglar om gildskap når det skal innstillast på kandidatar til styreverv. Det går vidare fram av kommunen sitt politiske reglement at det skal hentast inn CV frå alle føreslegne styremedlemmar, for å sikre eit best mogeleg samansett styre. Det blir stadfesta i intervju at dette blir gjennomført.

Stord kommune har etablert ein valkomité med ansvar for å innstille kommunen sine kandidatar til selskapsstyra. Som nemnt i kapittel 3 i denne rapporten er valkomitéen politisk samansett, og består av elleve medlem. Partia som innehar ordførar og varaordførar skal ifølgje politisk reglement ha to medlem i komiteen. Ny valkomité blir konstituert på starten av kvar valperiode. Storleiken og samansettinga av valkomitéen blei sist vedteken av kommunestyret i møte 19. oktober 2023, og talet på medlem blei då utvida frå ti til elleve medlemmar.

I døme på innstilling frå valkomiteen frå 2023 som Deloitte har sett¹² blir det ikkje skriftleg grunnlagt kva som ligg bak innstillinga av styrekandidatane. Det er ikkje etablert sentrale retningslinjer for at valkomiteen skal grunngi si innstilling med omsyn til kva kompetanse og erfaring dei enkelte medlemmane innehar og selskapet treng. I intervju bli det likevel opplyst at det har vore praksis for at å munnleg grunngi alle forslag i valkomiteen sine møter. Denne munnlege grunngjevinga skal være grunnlag for komiteen si handsaming og innstilling.

I eitt av selskapa kommunen har eigarskap i, Sunnhordland Interkommunale Legevakt, er det ei eiga prosess for å utnemne styremedlem. Det blir opplyst at det er administrasjonen som er ansvarleg for å utnemne styremedlem i selskapet. På oppfølgings spørsmål om kven i administrasjonen som er ansvarleg blir det opplyst at kommunedirektør innstiller kandidatar, og at representantskapet gjer det endelege valet.

Alle styreleiarar som er intervjuet fortel at styret har kompetanse tilpassa selskapet si verksemd, og som er naudsynt for å oppnå måla og strategien for selskapet. Sekretær for valkomiteen opplyser vidare i intervju at ho opplever at valkomiteen i sitt arbeid tek omsyn til kompetansebehovet i selskapa.

Ei oversikt utarbeidd på førespurnad frå Deloitte viser at kommunen har utnemnd ei rekke tilsette og folkevalde som styremedlem i selskap kommunen har eigarskap i. Tilsette i kommunen er utnemnt som styremedlem i selskapa Sunnhordland Interkommunale Legevakt og Opero. I Sunnhordland Interkommunale Legevakt er samlege av styremedlemmane utnemnt av kommunen også tilsett i kommunen, medan det i Opero er snakk om eitt styremedlem. Folkevalde i Stord kommune er utnemnt som styremedlem i selskapa Podlen Verkstad, Hordfast og Krisesenter Vest.

Av eigarskapsmeldinga går det fram at det, for selskap der kommunen eig saman med andre, bør opprettast ein felles valkomité for innstilling av styrekandidatar. Medlemskapet i denne felles valkomiteen skal ifølgje eigarskapsmeldinga spegle eigardelen i selskapet. Det er andre medeigarar enn Stord kommune i fem av sju selskap der det er gjennomført intervju med styreleiar. Av desse fem er det to som har etablert ein slik felles valkomité, medan dei tre resterande ikkje har dette.

I eigarskapsmeldinga blir det fastsett at styremedlemmar i styret i eit morselskap ikkje bør sitja i styret til dotterselskap. Det går fram at det for Stord kommunale utviklingselskap er same person som innehar styreleiarvervet både i morselskapet og i eit dotterselskap. Det er også overlapp mellom styret i morselskapet Opero Holding AS, og dotterselskap. Kommunen har likevel ikkje ein kontrollerande eigardel i Opero Holding, og dermed heller ikkje full råderett over styreutnemningar i dette selskapet.

Kjønnsbalanse

Det går også fram av eigarskapsmeldinga at kjønnsbalanse er eit mål for kommunen, og at dette gjeld uavhengig av selskapsform. Det er eit lovkrav at styra til interkommunale selskap og aksjeselskap med meir enn 2/3 kommunalt og fylkeskommunalt eigarskap skal ha representasjon av begge kjønn.

Det går fram av protokollar frå kommunen sin valkomité at det er dialog mellom selskap og valkomité om kjønnsbalanse ved val til styra. Til dømes går det fram av protokoll frå møte i valkomiteen 11. mai 2023, der val av nye styremedlem i Podlen Verkstad AS sto på agendaen, at det hadde vore dialog med dagleg leiar i selskapet og

¹² Sak PS 6/23. Innstilling frå valkomiteen.

¹² Sak PS 6/22. Hovudokument med vedlegg, og innstilling frå valkomiteen.

at det frå selskapet si side, av omsyn til kjønnsbalansen i styret, var ønskeleg at det framover blei vald inn kvinnelege styremedlemmar. Valkomiteen innstilte likevel på to mannlege styremedlemmar i si innstilling til kommunestyret¹³. Som det går fram av Tabell 5 er det likevel per hausten 2023 oppnådd kjønnsbalanse i tråd med lovkravet i dette selskapet. Det går fram av saksdokument og protokoll frå møte i valkomiteen 12. mai 2022 at valkomiteen ved handsaming av sak om val av styremedlem til same selskap tok omsyn til selskapet sitt innspel om behov for kvinnelege styremedlemmar. Det blei då innstilt ein ny, kvinneleg styreleiar som var blitt føreslege av selskapet sjølv.¹⁴

Revisjonen har undersøkt kjønnsbalansen i selskap der kommunen har ein eigardel på 30 prosent eller meir, og der kommunen følgeleg har vesentleg påverknad på styresamansettinga. Selskapa som er gjennomgått har alle meir enn 2/3 offentleg eigarskap og er derfor underlagt lovkrav om representasjon av begge kjønn. Totalt gjeld dette fem selskap, der kommunen har ein eigardel på 30 prosent eller meir. Gjennomgangen syner at kvinnedelen i styra varierer frå 33 prosent i Stord kommunale utviklingsselskap, til 50 prosent i Stord folkehøgskule og Sunnhordland Interkommunale Miljøverk. Mannsandelen er på minimum 50 prosent i utvalet av selskapet som er undersøkt.

Tabell 5: Kjønnsbalanse i styra der Stord kommune eig meir enn 50 prosent av aksjane.¹⁵

Selskap	Selskapsform	Styrerepresentantar totalt	Kvinner i styret	Prosentdel kvinner i styret	Kjønnsrepresentasjon ¹⁶
PODLEN VERKSTAD	AS	5	2	40 %	Ja
STORD KOMMUNALE UTVIKLINGSSKAP	AS	3	1	33 %	Ja
SUNNHORDLAND LUFTHAVN	AS	5	2	40 %	Ja
STORD FOLKEHØGSKULE	AS	6	3	50 %	Ja
SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK	IKS	8	4	50 %	Ja

Som tabell 5 viser er det oppnådd representasjon av begge kjønn i samsvar med lovkravet alle dei fem selskapa som er undersøkt.

5.4.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at det er etablert retningslinjer for samansetting av styre som tek omsyn til kompetanse, og det einsskild selskapet sine behov. Det er etablert føringar for styresamansetting i eigarskapsmeldinga og undersøkinga viser at det blir tatt omsyn til dette i valkomiteen sitt arbeid med å innstille styrekandidatar. Undersøkinga viser at intervjuar styreleiarar meiner at det er god kompetansesamansetting i styra. Vidare viser undersøkinga at det er påkravd kjønnsbalanse i selskapsstyra som har blitt undersøkt.

KS tilrår at valkomiteen grunngjev sine forslag til styrekandidatar (jf. tilråding nummer ti i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll). Undersøkinga viser at det ikkje er praksis for skriftleg grunngjeving.

¹³ Sak PS 6/23. Innstilling frå valkomiteen.

¹⁴ Sak PS 6/22. Hovudokument med vedlegg, og innstilling frå valkomiteen.

¹⁵ Berre selskap der Stord kommune har direkte eigarskap er medteken i gjennomgangen. Oversikten er utarbeidd i oktober 2023, og det kan ha komme endringar i styresamansetting etter dette.

¹⁶ Vurderinga av kjønnsrepresentasjon tek utgangspunkt i at styra til interkommunale selskapa og aksjeselskapa med meir enn 2/3 offentleg eigarskap skal vere samansett i samsvar med aksjeloven § 20-6 (jf. IKS-loven § 10 og kommuneloven § 21-1). Konkret stiller aksjeloven følgjande krav til representasjon i aksjeselskap:

-Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.

-Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.

-Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.

-Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.

IKS-loven § 10 sett krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon i styra.

Frå 1. januar 2024 gjeld også nye krav om 40 % kjønnsbalanse i styra. I første omgang gjeld dei nye krava selskap med meir enn 100 millionar i samla drifts- og finansinntekter.

Revisjonen meiner at det vil vere føremålstenleg å etablere rutinar for at valkomiteen skriftleg grunngjev innstillinga av styremedlemmar, slik at innstillinga synleggjer kva kompetanse som er vektlagt.

KS tilrår at bruk av valkomité blir vedtektsfesta i dei enkelte selskapa. Det går også fram av kommunen si eigarskapsmelding at det i selskap der det er fleire eigarar bør opprettast ei eigen valkomité som speglar eigardelen. Revisjonen vurderer at kommunen ikkje har følgd opp si eiga retningslinje om å etablere valkomité i selskap der kommunen eig saman med andre, og KS si tilråding om å opprette valkomité.

For å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold tilrår KS at styremedlemmar i morselskap som hovudregel ikkje sitter i styret i dotterselskap. Dette er også ei retningslinje i kommunen si eigarskapsmelding. Kommunen si retningslinje og KS sin anbefaling om å unngå same styremedlem i dotterselskap som i morselskap er ikkje etterlevd, ettersom styret i Stord kommunale eigedomsselskap er likt som i morselskapet Stord kommune utviklingsselskap. Det går ikkje fram av eigarstrategien til Stord kommunale eigedomsselskap kvifor ein har valt å ikkje etterleve dette punktet i eigarskapsmeldinga, og ev. korleis ein sikrar at ein ikkje står i fare for å kome i ein situasjon med dobbeltrollar.

Kommunen har utnemnd fleire tilsette og folkevalde som styremedlem i selskap kommunen har eigarskap i. Dette er ikkje i strid med tilrådingar so lenge det er valt styrepresentantar som har den kompetansen som styra treng. Revisjonen vil likevel understreke at det er viktig med gode rutinar for habilitetsvurdering når saker knytt til selskapa skal handsamast enten i administrasjonen (i dei tilfella det er tilsette i styret) eller politisk (i dei tilfella folkevalde sit i styra).

5.5 Krav og forventningar til eigarskapen

5.5.1 Datagrunnlag

Eigarskapsmeldinga fastset kommunen sine forventningar og krav til både selskap og selskapsstyra. Kommunen har mellom anna følgjande forventningar til styra:

- At selskapet har utarbeidd **retningsliner for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift, samt** at desse blir jamleg revidert. Det er, ifølge kommunen si eigarskapsmelding, styret som er ansvarleg for å følgje opp dette.
- At alle styremedlemmar i selskap der Stord kommune har eigarskap registrerer seg i **KS sitt styrevervregister**.
- At **godtgjersler** i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i, mellom anna skal reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Generelt skal styreleiar godtgjerast særskilt i høve styremedlemmane.
- At styra skal etablere faste prosedyrar for å handtera moglege **gildskapskonfliktar**.
- At det blir fastsett ein **styreinstruks og instruks for dagleg leiar** med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- At styret fastset **ein årleg plan for styret sitt arbeid** med vekt på mål, strategi og gjennomføring, og at det blir etablert møteplan.
- At styret årleg gjennomfører ei **eigenevaluering**.
- Gjer greie for **selskapet si styring og leiing** i ein årsrapport

Kommunen sin generelle eigarskapsstrategi fastset også forventningar til selskapa knytt til openheit, samfunnsansvar og berekraft.

Det blir opplyst i intervju at kommunen sine krav og forventningar går fram gjennom eigarskapsmeldinga, og blir ikkje formidla direkte til selskapa i aktuelle eigarorgan eller selskapsstyra. I overkant av halvparten av dei daglege leiarane og styreleiarane som er intervjuar fortel at dei ikkje kjenner innhaldet i eigarskapsmeldinga, og dermed heller ikkje krava og forventningane som kommunen har til selskapa. Fleirtalet av styreleiarane og dei dagelege leiarane som er intervjuar fortel vidare at dei ikkje har fått formidla eigarskapsmeldinga frå kommunen. Ein av dei daglege leiarane fortel at han i eigarmøte har blitt fortalt at eigarskapsmeldinga er tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, medan ein anna av dei daglege leiarane fortel at han får formidla eigarskapsmeldinga kvar gong det blir gjort endringar.

I intervju med styreleiarar kjem det vidare fram at det varierer i kva grad kommunen sine forventningar og krav blir etterlevd. Fleire av styreleiarane fortel at kommunen som eigar ikkje har oppmoda direkte om at selskapet skal etablere rutinar og prosedyrar som er fastsett i eigarskapsmeldinga. Nokre styreleiarar fortel på si side om at kommunen har oppmoda om at enkelte av rutine og prosedyrane skal etablerast, men ikkje samlege. Tabell 6

gjør greie for kor mange av dei intervjua styreleiarane som opplyser om at utvalde krav og forventningar er etablert for styret dei leiar.

Tabell 6: Etterleving av utvalde krav og forventningar for selskapsstyre

Krav/forventning	Tal på styreleiarar som opplyser at kravet/forventninga er etterlevd
Retningslinjer for godtgjersle	3/7
Prosedyrar for habilitetsvurdering	3/7 ¹⁷
Styreinstruks	5/7
Årleg plan	6/7
Eigenevaluering	4/7
Etiske retningslinjer ¹⁸	4/6
Registrering i KS sitt styrevervregister	1/7
Retningslinjer for godtgjersle av styreverv ¹⁹	4/7

Det går fram av eigarskapsmeldinga at styremedlemmar bør bli registrert i KS sitt styrevervregister. Berre ein av styreleiarane opplyser om at styremedlemmane er registrert i KS sitt styrevervregister. Seks av styreleiarane som er intervjua svarar at dei anten ikkje kjenner til om styremedlemmane er registrert, eller at styremedlemmane ikkje er registrert i dette registeret. Av styreleiarane som svarar at dei ikkje er registrert, eller som ikkje kjenner til om dei er registrert, svarar alle at kommunen ikkje har oppmoda om at styremedlem skal registrere seg i registeret. Ein gjennomgang av KS sitt styrevervregister syner at det berre er eitt av dei sju selskapa som har registrert styremedlemmar i KS sitt styrevervregister, og at dette samsvarar med det som er oppgitt i intervju. I intervju går det vidare fram at det er uklart kven i kommuneadministrasjonen som er ansvarleg for å følge opp KS sitt styrevervregister.

5.5.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at kommunen gjennom eigarskapsmeldinga og eigarstrategiar stiller krav til selskapa dei har eigardel i som er i samsvar med KS sine tilrådingar. Kommunen stiller gjennom eigarskapsmeldinga krav til selskapa om etiske retningslinjer, registrering av styreverv, fastsetjing av godtgjersle, vurdering av habilitet, utarbeiding av styreinstruks, evaluering av eige styrearbeid og fastsetting av planar for styreverksemda. Samstundes merkar revisjonen seg at desse krava i hovudsak er formidla gjennom eigarskapsmeldinga, og at fleire av styreleiarane som er intervjua ikkje er kjent med innhaldet i eigarskapsmeldinga eller krav og forventningar som er fastsett i denne. Revisjonen merker seg også at det er varierende om kommunen sine krav og forventningar faktisk er etterlevd av selskapa. Revisjonen meiner difor at kommunen i større grad må sikre at eigarskapsmeldinga og forventningane til selskapa formidlast og forankrast i eigarorgana i selskapa slik at dei kan bli lagt til grunn for styra sitt arbeid.

5.6 Kommunen si oppfølging av selskap

5.6.1 Datagrunnlag

Stord kommune følger i hovudsak opp selskapa dei har eigardel i gjennom deltaking i eigarorgan og eigarmøte.

¹⁷ To styreleiarar opplyser at det ikkje er etablert skriftlege prosedyrar, men at gildskap blir diskutert i styret ved behov

¹⁸ Styreleiarane har fått spørsmål om det er etablert etiske retningslinjer for styret. Talet omfattar også dei som har svart at det er etablert generelle etiske retningslinjer for selskapet, men ikkje særskilde for styret. Det manglar informasjon frå éin av styreleiarane på dette spørsmålet. Ein av styreleiarane opplyser at ein følger lovverk om interkommunale selskap.

¹⁹ Ein av styreleiarane opplyser at det til no ikkje har vært godtgjering, men at dette skal handsamast på kommande generalforsamling. Dette styret er plassert i «ikkje etterlevd»-kategorien.

Deltaking i formelle eigarorgan

Det går fram av Stord kommune si eigarskapsmelding at det til vanleg er ordførar, eller den som ordførar gjev fullmakt, som møter som eigarrepresentant i eigarorgan. Dette ansvaret er heimla i delegasjonsreglementet frå kommunestyret, der det går fram at ordførar har mynde til å representere Stord kommune i møter i eigarorgan, og å peike ut ein kommunestyrerepresentant i sin stad.²⁰

Tidlegare ordførar viser i intervju til at han i perioden i hovudsak har møtt som eigarrepresentant, men at varaordførar har møtt som eigarrepresentant dersom ordførar ikkje har hatt høve til å møte. Tidlegare ordførar opplyser også om at det ved enkelte høve har blitt gitt fullmakt til andre folkevalde i kommunestyret, eller til ordførarar i andre kommunar som også er eigar i det einskilde selskapet. Det blir vidare opplyst i intervju at det blir utarbeidd fullmakt dersom det er ordførar i annan kommune som møter eller stemmer på vegner av Stord kommune.

Det går fram av eigarskapsmeldinga at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande som hovudregel skal leggjast fram for politisk handsaming i forkant av eigarmøte i det einskilde selskap, og at det politiske organet som har desse sakene til handsaming skal gje styringssignal til kommunen sin eigarrepresentant. Det blir opplyst i intervju at årsmelding, årsrekneskap og referat blir lagt fram i form av RS-sak for kommunestyret eller anna politisk utval for nokre av selskapa, men ikkje for alle. Rapporteringa blir i regelen ikkje blir handsama politisk før møte i eigarorgan. Det går samtidig fram av intervju at administrasjonen har vore involvert i å førebu eigarrepresentant til møte i eigarorgan dersom eigarrepresentant har hatt behov for dette, men at det ikkje er ein fast praksis eller rutine for dette.

Tidlegare ordførar opplyser i intervju at selskapa i hovudsak tek omsyn til kommunen sine innkallingsfristar, men at det har vore nokre unntak, der innkalling til møte i eigarorgan har vorte sendt ut for seint. Det blir vidare opplyst at det er politisk sekretariat/fellestenester som har ansvar for å følgje opp kommunen sine forventningar knytt til innkallingsfrist. Tidlegare ordførar opplyser vidare at han har meldt tilbake til selskapet og til fellestenester i dei tilfella der innkalling har vorte sendt ut for seint. Som nemnt i kap. 3.3.1 blir det i intervju peikt på at politisk sekretariat og fellestenester ikkje er involvert i oppfølging av innkallingsfrister. Det blir vist til at det har vore utskifting av tilsette i politisk sekretariat dei siste to åra, og at nokon av arbeidsoppgåvene kan ha gått tapt i overføringa av arbeidsoppgåver.

I intervju går det fram at det ikkje er etablert system eller rutinar for at eigarrepresentant rapporterer tilbake til administrasjon, kommunestyret eller politiske utval i samband med deltaking i eigarorgan, men det blir vist til at protokollen etter møte i generalforsamling og representantskap i regelen blir lagt som referat til kommunestyret eller relevant politisk utval.

Alle styreleiarane og dei daglege leiarane som har blitt intervjuet viser til at dei opplever at den som har møtt som eigarrepresentant har hatt tilstrekkeleg oversikt og kompetanse til å ivareta kommunen sine interesser som eigar. Det blir peikt på at det som regel er ordførar som møter som eigarrepresentant, men at det også har hendt at andre kommunestyrerepresentantar har møtt som eigarrepresentant.

Eigarmøte

Det går fram av Stord kommune si eigarskapsmelding at det jamleg bør gjennomførast **eigarmøte** utanom formelle møte i eigarorgan for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon mellom kommunen og selskapa kommunen har eigarskap i. Det blir vist til at eigarmøte legg til rette for å diskutere strategi mellom eigar og selskap, utan at det blir treft formelle avgjersler, og utan at det er behov for å kalle inn til møte i eigarorganet²¹. Vidare går det fram at ordførar har eit særleg ansvar for at det blir lagt til rette for god samhandling mellom kommunen og selskapa, og at dette kan ivaretakast ved å gjennomføre eigarmøte. Tidlegare ordførar fortel i intervju at det blir gjennomført eigarmøte med selskapa ved behov. Det blir vist til at det som regel er selskapa sjølve som tek initiativ til eigarmøte, men at det også kan vere kommunen som tek initiativ, avhengig av behov eller situasjon. Tidlegare ordførar fortel at selskapa ofte nyttar eigarmøta til å orientere kommunen om drift og utvikling i selskapet. Det blir vist til at det hovudsakeleg er ordførar som deltek i eigarmøte, og at varaordførar deltek dersom ordførar ikkje har høve. Det blir vidare opplyst om at formannskapet i enkelte tilfelle også har delteke på eigarmøte.

Eit fleirtal av styreleiarane og daglege leiarar som er intervjuet fortel at det er gjennomført eigarmøte, og at det er selskapet sjølve som oftast tek initiativ til dette. Ein av styreleiarane opplyser at det er ordførar som har teke initiativ til eigarmøte. Dagleg leiar og styreleiar i eitt av selskapa fortel at kommunen dei siste åra har takka nei til

²⁰ Delegasjonsreglement frå kommunestyret. Punkt 12 – Delegering til ordførar og varaordførar.

²¹ Generalforsamling eller representantskapsmøte

å gjennomføre eigarmøte, og at eigarmøte sist blei gjennomført i 2021. Dagleg leiar og styreleiar i eit anna selskap fortel på si side at det ikkje er gjennomført eigarmøte i det heile. Dei fleste selskapa opplyser likevel om at eigarmøte typisk blir gjennomført ein gong i året.

Frå styreleiarane og daglege leiarar som er intervjuar blir det vist til at også kommunedirektør ofte deltek på eigarmøte, dersom det er behov for dette. Styreleiar i Stord interkommunale legevakt fortel at også fagpersonar frå administrasjon deltek i eigarmøte, til dømes kommuneoverlegen og relevante tilsette i kommunen si fagavdeling. Det blir vidare opplyst i intervju med styreleiarar og daglege leiarar at det som oftast ikkje blir ført referat frå eigarmøte. Frå enkelte styreleiarar og daglege leiarar blir det opplyst om at dei fører referat for eige føremål, men at dette ikkje blir sendt til kommunen i etterkant av møtet. Eitt av selskapa fortel at det blir ført referat frå eigarmøte og at referatet blir sendt til kommunen.

Vurderingar av eigarskap

Vurderingar knytt til om kommunen skal tre inn i eigarskap eller avvikle eigarskap utgjør også ein sentral del av kommunen si eigarstyring. I intervju blir det vist til at kommunestyret drøftar om kommunen skal tre inn eller ut av eigarskap i samband med handsaming av eigarskapsmeldinga. Det blir vidare vist til at administrasjonen greier ut saker knytt til om kommunen skal tre inn i nye eigarskap, til dømes blir det opplyst at administrasjonen henta inn uavhengige faglege vurderingar frå tredjepart i samband med ei sak kor det blei vurdert om kommunen skulle kjøpe aksjar i Haugaland kraft.

Ein gjennomgang av politiske saker knytt til eigarskapsforvaltning viser at einskilde **politiske utval** kan bli involvert i å handsame saker på eige område, til dømes har utval for plan og utvikling handsama spørsmål om kommunen skal tre inn i eigarskap i selskapet Vann Vest AS, som yter teknisk bistand knytt til vatn og avlaup²². I tillegg blir det opplyst i intervju at det ved eitt høve har blitt nedsett eit **politisk ad hoc-utval** bestående av fem medlemmar utpeikt av kommunestyret, og med sekretær utpeikt av kommunedirektør, for å vurdere føremål ved oppretting av Stord Kommunale Utviklingselskap.

Anna oppfølging av selskapa

Det blir i intervju vist til at det ved nokre høve har vore ein tett dialog med og oppfølging av einskilde selskap. Det blir vist til at slik særskild oppfølging mellom anna skyldast at det har vore utfordringar i selskapet som kommunen som eigar har involvert seg i å følgja opp. Eitt døme på dette er Sunnhordaland Lufthavn AS, der det har vore behov for avklaringar kring økonomi og driftsmessige forhold. Tidlegare ordførar opplyser om at han også har blitt kontakta av selskap dersom det har vore utfordringar.

Fleirtalet av styreleiarar og daglege leiarar som er intervjuar opplyser om at dei opplever oppfølginga frå kommunen som god, og at det er tilstrekkeleg dialog mellom selskapet og kommunen. Eit fleirtal av dei daglege leiarane og styreleiarane opplyser også i intervju at det er klart for dei kven i kommunen dei skal kontakte dersom dei har ei sak dei har behov for å diskutere med kommunen som eigar. Eit fleirtal opplyser at det er naturleg å ta kontakt anten med ordførar eller med kommunedirektør.

Ein styreleiar fortel på si side at han sidan han starta som styreleiar i 2023 ikkje har vore i kontakt med kommunen, eller opplevd nokon anna form for oppfølging frå kommunen som eigar. Dagleg leiar i same selskap fortel at oppfølginga ikkje blir opplevd som tilstrekkeleg, og at det heller ikkje er tilstrekkeleg dialog mellom selskapet og kommunen. Ein dagleg leiar i eit anna selskap ynskjer seg tettare oppfølging og støtte frå kommunen som eigar.

Når det gjeld oppfølging av krav og forventningar til selskapa opplyser tidlegare ordførar at han opplever at selskapa etterlever dei krav og forventningar som går fram av eigarskapsmeldinga til kommunen, og at det derfor ikkje har vore nødvendig med særskild oppfølging for å sikre at dei etterlever desse.

5.6.2 Vurdering

Stord kommune følger i hovudsak opp selskapa dei har eigardel i gjennom deltaking i eigarorgan og eigarmøte. Det er i hovudsak ordførar eller andre sentrale folkevalde som har delteke i møte i eigarorgan i samsvar med kommunen sine retningslinjer og KS sine tilrådingar. Revisjonen merkar seg at saker til møte i eigarorgan ikkje systematisk blir lagt fram til politisk behandling i forkant av slike møte, slik kommunen har vedtatt i eigarskapsmeldinga. Revisjonen vurderer også at det kan være føremålstenleg å etablere ei rutine for at

²² Sak PS 13/22, handsama i utvalsmøte 10.03.2022

eigarrepresentant rapporterer tilbake til kommunen dersom det er saker i møte i eigarorgan som kommunen som eigar bør følge opp.

Det er også ordførar som i hovudsak har delteke i eigarmøte. Eigarmøte er ikkje lovregulert og skal vere ein uformell arena der det ikkje skal treffast vedtak. Revisjonen vil samtidig påpeike at det kan vere nyttig for kommunen å delta i desse møta for å sikre at kommunen får jamleg informasjon om generell utvikling i selskapet, samt for anna informasjonsutveksling, forventningsavklaringar med vidare. Revisjonen merkar seg at det ikkje er praksis for å føre referat frå desse møta, og meiner at dette bør gjerast for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta. Revisjonen merkar seg også at det er noko ulikt kor ofte det blir gjennomført eigarmøte. Hyppigheit av slike møte vil henge saman med konkrete behov. Det er likevel viktig å sikre at det blir gjennomført tilstrekkeleg oppfølging av selskapa. Fleire av selskapa meiner at dei har ein tilstrekkeleg dialog og samhandling med kommunen som eigar, men det er også nokre selskap som opplever at dette ikkje er tilstrekkeleg. Revisjonen merkar seg også at kommunen i liten grad systematisk følgjer opp at forventningar i eigarskapsmelding og eigarstrategi blir forankra i selskapa og følgt opp. Eigarmøta kan vere gode arenaer for å få informasjon frå selskapa om dei ulike retningslinene er følgt opp.

6 Rapportering og informasjon

6.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande problemstillingar:

I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?

6.2 Revisjonskriterier

Krav til kommunen når det gjeld rapportering og informasjon frå selskapa blir utleia frå KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

Kommunen bør:

- Få ein årleg rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa den har eigardelar i (KS, tilråding fire).
- Jamleg gjennomføre eigarmøte for å bidra til god kunnskap og dialog med selskapet (KS, tilråding seks).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

6.3 Rapportering og informasjon

6.3.1 Datagrunnlag

Styreleiarar og daglege leiarar som er intervjua fortel at dei hovudsakeleg rapporterer om drift og utvikling til Stord kommune som eigar gjennom ordinær årsrapportering og møte i eigarorgan. I intervju blir det opplyst at mottatt rapportering frå selskapa blir lagt i kommunen sitt saksbehandlingssystem. Det blir vidare opplyst at det er ordførar som er saksbehandlar for mottekne dokument. Administrasjonen har også tilgang til rapporteringa i saksbehandlingssystemet, men har ikkje ei rolle knytt til gjennomlesing eller oppfølging av rapportering. Som omtalt i 5.6.1 går det fram av eigarskapsmeldinga at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande som hovudregel skal leggjast fram for politisk handsaming i forkant av eigarmøte i det einskilde selskap, og at det politiske organet som har desse sakene til handsaming skal gje styringssignal til kommunen sin eigarrepresentant. Det kjem fram i intervju at rapporteringa frå selskapa berre ved nokre høve blir lagt som referatsak for kommunestyret eller for relevant utval.

Tidlegare ordførar opplyser i intervju at det har vore døme på at selskap ikkje har utarbeidd årsmelding, men at dette har blitt teke opp i generalforsamling av eigarane. Tidlegare ordførar, som er den som i hovudsak har møtt som eigarrepresentant for kommunen, opplyser vidare at det i nokre tilfelle har blitt etterspurd ekstra informasjon i forkant av generalforsamling, dersom det har vore behov for det. Det blir opplyst at det i desse tilfella ikkje har vore eit problem å få tilsendt den etterspurde informasjonen. Det blir opplyst i intervju at det ikkje er fastsett rutinar for å be om informasjon frå selskapa utover årsrapporteringa, og at det blir vurdert særskilt i kvart tilfelle om det er behov for å etterspørja informasjon.

Eigarskapsmeldinga fastsett at einskilde selskap i periodar blir følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse, og føremål. Det blir opplyst i intervju at Sunnhordland lufthavn AS har fått ein slik særskilt tett oppfølging dei siste åra, mellom anna fordi det har vore ein krevjande økonomisk situasjon, og behov for bistand frå kommunen knytt til drifta. Det blir også opplyst om at det har vore ein tettare oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifta Opero.

Det går fram av eigarskapsmeldinga at selskap, der kommunen har eit uttrykt ynskje og behov for det, periodisk skal rapportere til utpeikt utval eller til formannskapet. Det blir opplyst i intervju at fleire av selskapa har vore invitert til å orientera kommunestyret/formannskap/utval ved høve. Dette gjeld m.a.: Sunnhordland interkommunale legevakt, Sunnhordland interkommunale miljøverk, Sunnhordland lufthamn, Stord kommunale utviklingselskap/eigedomsselskap, Atheno og Sunnhordland kraftlag. Det blir vidare i intervju opplyst om at tema og agenda for orientering typisk har vore å orientere om verksemda, drift og utvikling. Også dagleg leiar i Stord folkehøgskule opplyser i intervju at dei har orientert formannskapet på eige initiativ.

Som omtalt i kap. 5.3.4. blir det også gjennomført eigarmøte med utvalde selskap. Informasjon frå selskap om drift og utvikling er typiske tema for desse eigarmøta.

Eit fleirtal av dei daglege leiarane og styreleiarane som er intervjuva opplev at kommunen er tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet. Samstundes er det fleire daglege leiarar som fortel at dei er usikre på om kommunen er tilstrekkeleg informert om drift og utvikling, og peiker på utskiftingar i kommunen som årsak til dette.

6.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at kommunen etterspør rapportering og informasjon frå selskapa for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa. Alle selskapa er forventa å sende årsmelding og årsrekneskap til kommunen som eigar slik at desse kan handsamast i forkant av møte i eigarorgan. Undersøkinga viser at det ikkje er etablert tydelege rutinar for å sikre at desse dokumenta blir lagt fram for politisk organ i forkant av eigarmøte, og at dette berre er gjort for nokre av selskapa.

Vidare viser undersøkinga at einskilde selskap i periodar blir følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse, og føremål. Revisjonen meiner at det det kan gå fram endå tydelegare, til dømes av eigarmelding og eigarstrategiane, kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp og korleis. Dette for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg orientert om drift og utvikling i selskap der det kan vere behov for dette.

7 Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Stord kommune i hovudsak har etablert ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Stord kommune har utarbeidd ei **eigarskapsmelding** som gjev ei oversikt over kommunen sine eigarinteresser, og kommunen sine prinsipp og rutinar for eigarstyring. Eigarskapsmeldinga gjer vidare greie for føremålet for alle selskap kommunen har eigarskap i, i tråd med lovkravet. Revisjonen meiner det er positivt at eigarskapsmeldinga har blitt vedteken årleg sidan 2013, noko som er oftare enn minimumskravet i kommunelova om at det skal vedtakast ei eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden.

Revisjonen vurderer samstundes at Stord kommune berre delvis har etablert ei tilstrekkeleg føremålstenleg **organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga**. Det ligg ikkje føre ei samla oversikt over roller i eigarskapsforvaltninga og det er heller ikkje etablert tydelege skildringar av roller og oppgåver som ligg til administrasjonen knytt til eigarskapsforvaltninga.

Undersøkinga viser at kommunen i eigarskapsmeldinga har utarbeidd ein generell **eigarskapsstrategi** for alle selskapa den har eigardel i, samt eigne eigarstrategiar for elleve av selskapa kommunen har direkte eigarskap i. Revisjonen meiner at kommunen kan vurdere å konkretisere nokre av dei særskilte eigarstrategiane meir, samt vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for.

Kommunen har etablert eit tilbod til folkevalde om **opplæring i eigarskapsforvaltning** i tråd med KS si tilråding om dette. Revisjonen merkar seg samtidig at det i undersøkinga blir vist til at det kan vere behov for meir opplæring enn det som er tilfelle i dag. Kommunen bør difor vurdere om det kan vere behov for å gjenta opplæringa seinare i valperioden, og at dei folkevalde då vil kunne få endå betre utbytte av ei slik opplæring. Når det gjeld opplæring av styremedlemmar viser undersøkinga at dei fleste styra ikkje har gjennomført eigen styreopplæring, og at det kan vere behov for å sikre at styremedlemmane får tilstrekkeleg opplæring.

Når det gjeld **samansetting av styrer** er det etablert retningslinjer for samansetting som tek omsyn til kompetanse, og det einskilde selskapet sine behov. Vidare viser undersøkinga at kjønnsbalansen i selskapsstyra som har blitt undersøkt er i tråd med lovkravet. KS tilrår at valkomiteen skriftleg grunngjev sine forslag til styrekandidatar (jf. tilråding nummer ti i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll), men dette er ikkje praksis i valkomiteen i Stord kommune. Revisjonen meiner at det vil vere føremålstenleg å etablere rutinar for at valkomiteen skriftleg grunngjev innstillinga av styremedlemmar, slik at innstillinga synleggjer kva kompetanse som er vektlagt, og kvifor.

KS tilrår at bruk av valkomité blir vedtektsfesta i dei enkelte selskapa. Dette går også fram av kommunen si eigarskapsmelding. Undersøkinga viser at kommunen ikkje har følgd opp si eiga retningslinje om å opprette felles valkomité i selskap kommunen eig saman med andre.

For å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold tilrår KS at styremedlemmar i morselskap som hovudregel ikkje sitter i styret i dotterselskap. Dette er også ei retningslinje i kommunen si eigarskapsmelding. Dette er ikkje fullt ut etterlevd ettersom styret i Stord kommunale eigeidomsselskap er det same som i morselskapet Stord kommune utviklingselskap. Det går ikkje fram av eigarskapsmeldinga kvifor prinsippet ikkje er etterlevd.

Revisjonen vurderer at kommunen **gjennom eigarskapsmeldinga og eigarstrategiar stiller krav til selskapa** dei har eigardel i som er i samsvar med KS sine tilrådingar. Samstundes merkar revisjonen seg at desse krava i hovudsak er formidla gjennom eigarskapsmeldinga og ikkje direkte til selskapa sine eigarorgan eller selskapsstyra. Fleire av styreleiarane som er intervjuva var ikkje kjent med innhaldet i eigarskapsmeldinga eller krav og forventningar som er fastsett i denne. Det er også varierende om kommunen sine krav og forventningar faktisk er etterlevd av selskapa. Revisjonen meiner difor at kommunen må følge opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i, til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon.

Stord kommune følger i hovudsak opp selskapa dei har eigardel i gjennom **deltaking i eigarorgan og eigarmøte**. Det er i hovudsak ordførar eller andre sentrale folkevalde som har delteke i møte i eigarorgan i samsvar med kommunen sine retningslinjer og KS sine tilrådingar. Det er også ordførar som i hovudsak har delteke i uformelle eigarmøte. Revisjonen merkar seg at det ikkje er praksis for å føre referat frå desse uformelle eigarmøta, og meiner at dette bør gjerast for å sikre samd oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.

Undersøkinga viser at kommunen etterspør **rapportering og informasjon frå selskapa** for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa. Alle selskapa er forventa å sende årsmelding og årsrekneskap til kommunen som eigar slik at desse kan handsamast i forkant av møte i eigarorgan. Undersøkinga viser at det ikkje er etablert tydelege rutinar for å sikre at desse dokumenta blir lagt fram for politisk organ i forkant av møte i eigarorgan, og at dette berre er gjort for nokre av selskapa.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Stord kommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av rollar og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegsvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen sin innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine egne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a) Sørge for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b) Sørge for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c) Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d) Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.
9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).

Vedlegg 1: Høyringsuttale

marnygaard@deloitte.no



Vår dato: 15.03.2024
Vår ref: 2023/6358
Dykkar ref:

Høyringsuttale - Rapportkast: Eigarkapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning til verifisering

Viser til tilsendt førebels rapport. Kommunedirektøren oppfatar at den førebelse rapporten er godt gjennomarbeid og har ingen ytterlegare kommentarar.


Med helsing

Tommy Johansen
kommunedirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kommunedirektøren
Borggata 2
5402 post@stord.kommune.no
Org. nr 939 866 914

Telefon:



Vedlegg 2: Revisjonskriterier

Kommuneloven

Kommuneloven § 26-1 stiller krav om at kommunen minst éin gong i valperioden skal utarbeide ein eigarskapsmelding som blir vedtatt av kommunestyret. Denne eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.

I samsvar med kommuneloven § 25-1 skal kommunen ha internkontroll med administrasjon si verksemd for å sikra at lovar og forskrifter blir følgd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Ved internkontroll etter § 25-1 skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

Aksjeloven

Aksjeloven § 2-2 første ledd fastsett minstekrav til kva vedtekter i eit aksjeselskap skal innehalde. Dei er: selskapet sitt føretaksnamn, kommunen der forretningskontoret ligg, selskapet si verksemd, aksjekapitalen sin storleik jf. § 3-1, samt aksjane si pålydande (nominelle beløp), jf. § 3-1.

§ 3-4 stiller krav om at selskapet skal ha ein eigenkapital og likviditet som til ei kvar tid er forsvarleg sett opp mot risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet.

Gjennom generalforsamlinga representerer aksjeeigarane den øvste mynda i selskapet (jf. § 5-1).

I § 5-16 andre ledd går det m.a. fram at generalforsamlinga sine avgjersler skal gå fram av protokollen.

Styremedlemmane blir vald av generalforsamlinga, som også avgjer om det skal veljast varamedlemmar (jf. § 6-3 første ledd). Styremedlemmar tenestegjer i to år og tenestetida kan i vedtektene settast kortare eller lenger, herunder på ubestemt tid (jf. § 6-6). Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, (jf. § 6-12).

I aksjeloven § 6-12 går det fram at:

- (1) Forvaltningen av selskapet hører under styret. Styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten.
- (2) Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet. Styret kan også fastsette retningslinjer for virksomheten.
- (3) Styret skal holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og plikter å påse at dets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 6-12 er den paragrafen som definerer «forvaltningsansvaret» til styret. § 6-13 blir tilsvarende omtalt som «tilsynsansvaret». Det går fram av § 6-13 at styret sitt tilsynsansvar inneber at styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga.

Ifølgje § 6-14 skal dagleg leiing stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, samt følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir. Vidare går det fram at den daglege leiinga ikkje omfattar saker som etter selskapet sitt forhold er av uvanleg art eller stor betydning. I tillegg skal dagleg leiar sørgje for at selskapet sin rekneskap er i samsvar med lov og forskrift, samt at formueforvaltninga er ordna på ein tryggande måte. Minst kvar fjerde månad skal dagleg leiar, i møte eller skriftleg, gje styret underretning om selskapet si verksemd, stilling og

resultatutvikling, jf. § 6-15. Vidare kan styret, eller einiskilde styremedlemmar, til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing om bestemte saker.

Aksjeloven § 6-23 første ledd held fram at styret skal fastsette ein styreinstruks som gir nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming.

Aksjeloven § 6-11 stiller følgjande krav til representasjon i aksjeselskap:

-Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.

-Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.

-Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.

-Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.

KS sine anbefalingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

KS har fastsett 21 anbefalingar for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal sektor²³, som vil bli nytta som kontrollkriterium. Under er eit utval av anbefalingane presentert:

Anbefaling 3: «For å styrke det kommunale eierskapet anbefales det at kommunestyret eller fylkestinget får tid til kompetanseutvikling eksempelvis ved å avholde eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte tidlig i perioden.»

Anbefaling 4: «Kommunestyret eller fylkestinget bør årlig få en rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapene.»

Slik rapportering bør inngå i eigarskapsmeldinga, jf. kommuneloven § 26-1. Det blir peika på at loven sine krav om innhaldet i eigarskapsmeldinga er minimumskrav, og at eigarskapsmeldinga kan vere meir omfattande og innhaldsrik. Vidare anbefaler KS at

Det bør også utarbeides en felles eierskapsmelding med andre medeiere hvis kommunen eller fylkeskommunen er medeier i flere selskaper sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner. En slik eierskapsmelding vil sikre felles føringer fra eierne der det er mulig.

Anbefaling 5: «Kommunestyret eller fylkestinget skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.»

Anbefaling 6: «KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.» Et eigarmøte er eit uformelt møte mellom kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet, og skal leggje til rette for diskusjon om stategiar mellom selskapet og eigar utan at det blir gjort avgjersler.

Anbefaling 7: «Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret eller fylkestinget oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet.»

Med andre ord anbefaler KS at fylkestinget som hovudregel bør oppnemne sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i eigarorganet. Dette mellom anna for å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet.

Anbefaling 8: «Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens eller fylkeskommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.» Aksjeloven § 7-5 fastsett at: «Revisor skal delta i generalforsamlingen når de saker som skal behandles, er av en slik art at dette må anses som nødvendig.»

Anbefaling 9: «Eier bør gjennom selskapets eierorgan sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskapets formål og virksomhet. Vurder også spørsmål om habilitet i valg av styremedlemmer. Det anbefales at selskapet sikrer opplæring av styremedlemmene.»

KS peikar vidare på at fylkeskommunen som eigar også har eit ansvar for å sørge for at styret i selskapet samla sett har den kompetansen som trengs. KS anbefaler at styret bør ha kompetanse innan økonomi, organisasjon, marknaden selskapet opererer i, fagleg innsikt, og interesse for selskapets formål. KS understrekar at styreverv er personlege, som betyr at styremedlemmar berre representerer seg sjølve – ikkje parti, enkeltkommunar, eller andre interessentar – og at dei skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Anbefaling 10: «Det bør fastsettes i vedtektene eller selskapsavtalen at valg av styrer i eller fylkeskommunalt eide selskaper bør skje ved bruk av valgkomité. Det bør lages retningslinjer som regulerer komitéens arbeid.»

²³ 2 KS: Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll (2020)

Med andre ord anbefaler KS at det bør vere nedfelt i selskapsavtalen at ein nyttar valkomité. KS anbefaler vidare at valkomiteen si samansetting bør reflektere eigardelane i selskap med fleire eigarkommunar, at det bør utarbeidast retningslinjer som regulerer valkomiteen sitt arbeid, at valkomiteen bør grunngje sine forslag, og for å sikre kontinuitet bør ikkje heile styret bli skifta ut samtidig.

Anbefaling 13: «Styremedlemmer i morselskapet bør som hovedregel ikke sitte i styret til et datterselskap.» Dette for å unngå rolleblending i konsernforhold, og er særleg relevant i samband med internprising og fakturering mellom selskap.

Anbefaling 19: «Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften. Kommunens eller fylkeskommunens selskaper bør ha en aktiv og bevisst holdning til etiske spørsmål, gjerne fastlagt i egne etiske retningslinjer som utarbeides for og brukes aktivt i det enkelte selskap.»

NUES sine anbefalinger for eigarstyring og selskapsleiing

1) Redegjørelse for eierstyring og selskapsledelse

- Styret skal påse at selskapet har god eierstyring og selskapsledelse.
- Styret skal i årsberetningen eller dokument det er henvist til i årsberetningen gi en samlet redegjørelse for selskapets eierstyring og selskapsledelse. Redegjørelsen skal omfatte hvert enkelt punkt i anbefalingen.
- Dersom anbefalingen ikke er fulgt, skal avvik begrunnes, og det skal redegjøres for hvordan selskapet har innrettet seg.

2) Virksomhet

- Selskapets vedtekter bør angi tydelig den virksomheten selskapet skal drive.
- Styret bør utarbeide klare mål, strategier og risikoprofil for virksomheten, slik at selskapet skaper verdier for aksjonærene på en bærekraftig måte. I dette arbeidet bør derfor styret ta hensyn til økonomiske, sosiale og miljømessige forhold.
- Styret bør evaluere mål, strategier og risikoprofil minst årlig.

3) Selskapskapital og utbytte

- Styret bør påse at selskapet har en kapitalstruktur som er tilpasset selskapets mål, strategi og risikoprofil.
- Styret bør utarbeide og gjøre kjent en klar og forutsigbar utbyttepolitikk.
- Forslag om at styret skal få fullmakt til å dele ut utbytte, bør være begrunnet.
- En styrefullmakt til å forhøye aksjekapitalen eller erverve egne aksjer bør gjelde et definert formål. En slik styrefullmakt bør ikke vare lenger enn frem til neste ordinære generalforsamling.

4) Likebehandling av aksjeeiere

- Dersom eksisterende aksjeeieres fortrinnsrett ved kapitalforhøyelser fravikes, bør det begrunnes. Dersom styret vedtar kapitalforhøyelsen med fravikelse av fortrinnsretten på bakgrunn av fullmakt, bør begrunnelsen offentliggjøres i børsmelding i forbindelse med kapitalforhøyelsen.
- Selskapets transaksjoner i egne aksjer bør foretas på børs eller på annen måte til børskurs. Dersom det er begrenset likviditet i aksjen, bør kravet til likebehandling vurderes ivaretatt på andre måter.

5) Aksjer og omsettelighet

- Selskapet bør ikke begrense adgangen til å eie, omsette eller stemme
- for aksjer i selskapet.
- Selskapet bør gjøre rede for begrensninger i adgangen til å eie, omsette eller stemme for aksjer i selskapet.

6) Generalforsamling

- Styret bør legge til rette for at aksjeeierne kan delta i selskapets generalforsamling.
- Styret bør sørge for at:
 - saksdokumentene er utførlige og presise nok til at aksjeeierne kan ta stilling til alle saker som skal behandles
 - påmeldingsfristen settes så nær møtet som mulig
 - styret og leder av valgkomiteen kan delta i generalforsamlingen

- iv. generalforsamlingen kan velge en møteleder som er uavhengig
- c. Aksjeeierne bør kunne stemme i hver enkelt sak, herunder stemme på enkeltkandidater ved valg. Aksjeeiere som ikke kan være til stede på generalforsamlingen bør gis anledning til å stemme. Selskapet bør utforme et fullmaktsskjema og oppnevne en person som kan opptre som fullmektig for aksjeeiere.

7) Valgkomité

- a. Selskapet bør ha en valgkomité, og valgkomiteen bør vedtektsfestes. Generalforsamlingen bør fastsette nærmere retningslinjer for valgkomiteen, velge komiteens leder og medlemmer og fastsette komiteens godtgjørelse.
- b. Valgkomiteen bør ha kontakt med aksjeeiere, styremedlemmene og daglig leder i arbeidet med å foreslå kandidater til styret.
- c. Valgkomiteen bør sammensettes slik at hensynet til aksjonærfellesskapets interesser blir ivarettatt. Flertallet i valgkomiteen bør være uavhengig av styret og øvrige ledende ansatte. Styrets medlemmer eller ledende ansatte i selskapet bør ikke være medlem av valgkomiteen.
- d. Valgkomiteens oppgave bør være å foreslå kandidater til styret og valgkomiteen (eventuelt bedriftsforsamlingen) og godtgjørelse til medlemmene av disse organene.
- e. Valgkomiteen bør begrunne hvert forslag til kandidater.
- f. Selskapet bør informere om hvem som er medlemmer av komiteen ter for å foreslå kandidater.

8) Styret, samansetning og uavhengighet

- a. Styret bør sammensettes slik at det kan ivareta aksjonærfellesskapets interesser og selskapets behov for kompetanse, kapasitet og mangfold. Det bør tas hensyn til at styret kan fungere godt som et kollegialt organ.
- b. Styret bør sammensettes slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Flertallet av de aksjeeiervalgte medlemmene bør være uavhengige av ledende ansatte og vesentlige forretningsforbindelser. Minst to av de aksjeeiervalgte medlemmene bør være uavhengige av selskapets hovedaksjeeiere.
- c. Ledende ansatte bør ikke være medlem av styret. Dersom ledende ansatte er styremedlem, bør det begrunnes og få konsekvenser for organiseringen av styrets arbeid, herunder bruk av styreutvalg for å bidra til en mer uavhengig forberedelse av styresaker, jf. anbefalingen kapittel 9.
- d. Generalforsamlingen (eventuelt bedriftsforsamlingen) bør velge styreleder.
- e. Styremedlemmer bør ikke velges for mer enn to år av gangen.
- f. I årsrapporten bør styret opplyse om deltagelse på styremøtene og om forhold som kan belyse styremedlemmenes kompetanse. I tillegg bør det opplyses hvilke styremedlemmer som vurderes som uavhengige.
- g. Styremedlemmer bør oppfordres til å eie aksjer i selskapet.

9) Styrets arbeid

- a. Styret bør fastsette instruks for styret og for den daglige ledelsen med særlig vekt på klar intern ansvars- og oppgavefordeling.
- b. Instruksjonen bør angi hvordan styret og den daglige ledelsen skal behandle avtaler med tilknyttede parter, herunder om det skal innhentes en uavhengig verdivurdering. Styret bør i årsberetningen redegjøre for slike avtaler.
- c. Styret bør sørge for at styremedlemmer og ledende ansatte gjør selskapet kjent med vesentlige interesser de måtte ha i saker som styret skal behandle.
- d. For å sikre en mer uavhengig behandling av saker av vesentlig karakter hvor styreleder selv er eller har vært aktivt engasjert, bør annet styremedlem lede diskusjonen i slike saker.
- e. Større selskaper skal etter allmennaksjeloven ha revisjonsutvalg.
- f. Det samlede styret bør ikke fungere som selskapets revisjonsutvalg.
- g. Mindre selskaper bør vurdere etablering av revisjonsutvalg. I tillegg til lovens krav om revisjonsutvalgets sammensetning mv. bør flertallet av medlemmene i utvalget være uavhengig av virksomheten.
- h. Styret bør også vurdere bruk av kompensasjonsutvalg for å bidra til grundig og uavhengig behandling av saker som gjelder godtgjørelse til ledende ansatte. Slikt utvalg bør bestå av styremedlemmer som er uavhengige av ledende ansatte.
- i. Styret bør informere om eventuell bruk av styreutvalg i årsrapporten.

- j. Styret bør evaluere sitt arbeid og sin kompetanse årlig.

10) Risikostyring og intern kontroll

- a. Styret skal påse at selskapet har god intern kontroll og hensiktsmessige systemer for risikostyring i forhold til omfanget og arten av selskapets virksomhet.
- b. Styret bør årlig foreta en gjennomgang av selskapets viktigste risikoområder og den interne kontroll.

11) Godtgjørelse til styret

- a. Godtgjørelsen til styret bør reflektere styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og virksomhetens kompleksitet.
- b. Godtgjørelse til styret bør ikke være resultatavhengig. Opsjoner bør ikke utstedes til styremedlemmer.
- c. Styremedlemmer, eller selskaper som de er tilknyttet, bør ikke påta seg særskilte oppgaver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom de likevel gjør det, bør hele styret være informert. Honorar for slike oppgaver bør godkjennes av styret.
- d. Dersom det har vært gitt godtgjørelser utover vanlig styrehonorar, bør det spesifiseres i årsrapporten.

12) Lønn og annen godtgjørelse til ledende personer

- a. Retningslinjene om lønn og annen godtgjørelse skal være tydelige og forståelige, og bidra til selskapets forretningsstrategi, langsiktige interesser og økonomiske bæreevne.
- b. Ordningene for lønn og annen godtgjørelse bør bidra til sammenfallende interesser mellom aksjeeierne og ledende ansatte, og være enkle.
- c. Det bør settes et tak på resultatavhengig godtgjørelse.

13) Informasjon og kommunikasjon

- a. Styret bør fastsette retningslinjer for selskapets rapportering av finansiell og annen informasjon basert på åpenhet og under hensyn til kravet om likebehandling av aktørene i verdipapirmarkedet.
- b. Styret bør fastsette retningslinjer for selskapets kontakt med aksjeeiere utenfor generalforsamlingen.

14) Overtakelse av selskap

- a. Styret bør ha utarbeidet hovedprinsipper for hvordan det vil opptre ved eventuelle overtakelsestilbud.
- b. I en tilbudssituasjon bør styret og ledelsen ha et selvstendig ansvar for å bidra til at aksjeeierne blir likebehandlet, og at ikke virksomheten forstyrres unødig. Styret har et særskilt ansvar for at aksjeeierne har informasjon og tid til å kunne ta stilling til budet.
- c. Styret bør ikke forhindre eller vanskeliggjøre at noen fremsetter tilbud på selskapets virksomhet eller aksjer.
- d. Avtaler med tilbyder om å begrense selskapets mulighet til å fremskaffe andre tilbud på selskapets aksjer bør bare inngås når det åpenbart kan begrunnes i selskapets og aksjeeiernes felles interesse. Det samme gjelder avtale om kompensasjon til tilbyder hvis tilbudet ikke gjennomføres. Eventuell kompensasjon bør være begrenset til de kostnadene tilbyder har ved fremsettelsen av budet.
- e. Avtaler mellom selskapet og tilbyder av betydning for markedets vurdering av tilbudet, bør gjøres offentlig senest samtidig med melding om at tilbudet vil bli fremsatt.
- f. Dersom det fremsettes et tilbud på selskapets aksjer, bør ikke selskapets styre utnytte emisjonsfullmakter eller treffe andre tiltak med formål å hindre gjennomføringen av tilbudet, uten at dette er godkjent av generalforsamlingen etter at tilbudet er kjent.
- g. Dersom et bud fremmes på selskapets aksjer, bør styret avgi en uttalelse med en anbefaling om aksjeeierne bør akseptere eller ikke. I styrets uttalelse om tilbudet bør det fremkomme om vurderingen er enstemmig, og i motsatt fall på hvilket grunnlag enkelte styremedlemmer har tatt forbehold om styrets uttalelse. Styret bør innhente en verdivurdering fra en uavhengig sakkyndig. Verdivurderingen bør begrunnes og offentliggjøres senest samtidig med styrets uttalelse.
- h. Transaksjoner som i realiteten innebærer avhendelse av virksomheten, bør besluttes av generalforsamlingen (eventuelt bedriftsforsamlingen).

15) Revisor

- a. Styret bør sørge for at revisor hvert år legger frem hovedtrekkene i en plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.
- b. Styret bør innkalle revisor til møter der de behandler årsregnskapet. I møtene bør revisor gjennomgå eventuelle vesentlige endringer i selskapets regnskapsprinsipper, sentrale forhold ved revisjonen, vurdering av vesentlige regnskapsestimer og alle vesentlige forhold hvor det har vært uenighet mellom revisor og administrasjonen.
- c. Styret bør minst en gang i året gjennomgå selskapets interne kontroll med revisor, samt svakheter revisor har identifisert og forslag til forbedringer.
- d. Styret bør fastsette retningslinjer for den daglige ledelsens adgang til å benytte revisor til andre tjenester enn revisjon.

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven). LOV-2018-06-22-83.
- Kommunal- og distriktsdepartementet. Lov om interkommunale selskaper (IKS-loven). LOV-1999-01-29-6
- Nærings- og fiskeridepartementet. Lov om aksjeselskap (aksjeloven). LOV-1997-06-13-44.

Førearbeider, rundskriv, rettleiarar mv.

- KS Folkevalgtprogram 2019-2023: *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll* (2020). ISBN 978-82-93100-69-0.
- NUES, 2021: *Norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse*. 14. oktober 2021, 10. utgåve. ISBN 978-82-93119-16-6

Dokument frå kommunen

- Stord kommune. Eigarskapsmelding for Stord kommune. Sist vedtatt i kommunestyret 22.06.2023.
- Stord kommune. Sak PS 6/23. Innstilling frå valkomitéen. Protokoll frå møte 11.05.2023.
- Stord kommune. Sak PS 6/22. Innstilling frå valkomitéen. Protokoll frå møte 12.05.2022.
- Stord kommune. Politiske reglement og retningslinjer. Sist vedtatt i kommunestyret 30.11.2023.
- Stord kommune. Sak PS 13/22 Eigarskap i Vann Vest AS – kjøp av aksje, yting av ansvarleg lån. Handsama i møte 10.03.2022 i utval for plan og utvikning.
- Stord kommune. Delegering av avgjerdsmynde. Sist vedtatt i kommunestyret 16.02.2023.

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS